



Innkalling

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk

Tid: Torsdag 23. mai 2024 kl. 08.00

Stad: SSR, Saunesmarka, Smårisevadet 20, Ulsteinvik

Innkallinga går til:

- Tine Storøy, Herøy
- Karl-Oskar Sævik, Herøy
- Linn Therese Sævik, Herøy
- Børre Oddmunn Haanes Waagan, Herøy
- Knut Erik Engh, Ulstein
- Elisabeth Hoddevik, Ulstein
- Oddvar Gjerde, Ulstein
- Bernt Brandal, Hareid
- Jeanette Teigene, Hareid
- Dag Vaagen, Sande
- Camilla Auflem Vik, Sande

Innkallinga/saklista blir også sendt til varamedlemmene. Desse får særskild melding dersom dei skal møte. I tillegg blir den sendt til revisor, Vest Kontroll, styret og eigarkommunane.

Vedtakssaker:

Sak R01/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak R02/24 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar og dagleg leiar. (Sist: Bernt Brandal og Camilla A. Vik).

Sak R03/24 Godkjenning av årsrekneskap for 2023, revisjonsberetning og handsaming av underskot / overskot

Sak R04/24 Godkjenning av eigarmelding for 2023

Sak R05/24 Val av revisor og godkjenning av honorar til revisor etter rekning

Sak R06/24 Styreval og fastsetting av styregodtgjersle

Orienteringssaker:

Sak R07/24 Inkludering av grovavfall i gebyret – oversendingsforslag frå Sande kommune.

Sak R08/24 Andre orienteringar v/styreleiar og dagleg leiar i SSR

Ulsteinvik, 30.04.2024

Karl-Oskar Sævik
leiar

George Fulford
styreleiar



Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

Vedtakssak R01/24

- Godkjenning av innkalling og sakliste.

Forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkallinga og saklista.

Vedtak:



Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

Vedtakssak R02/24

- Val av møteleiar og to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar og dagleg leiar.

Forslag til vedtak:

XX blir vald til møteleiar. XX og XX blir valde til å signere møteprotokollen.
(Sist signerte Bernt Brandal og Camilla A. Vik).

Vedtak:



Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

Vedtakssak R03/24

- **Godkjenning av årsrekneskap for 2023, revisjonsmelding og handsaming av underskot / overskot.**

Sjå vedlegga **Signert årsrekneskap SSR 2024** og **Melding frå revisor SSR 2024**.

Årsrekneskapen for 2023 viser ei omsetning totalt i selskapet på kr. 69 035 000. Omsetninga består av renovasjon til hushald og næring i tillegg til slam, og fordeler seg slik på dei ulike områda:

- Hushald kr. 46.342.000
- Næring kr. 18.265.000
- Slam kr. 4.516.000

Totalt auka omsetninga med i underkant av kr. 5.000.000 frå 2022 til 2023. Auken for hushald var på kr. 2.700.000, for næring på kr. 1.400.000 og for slam med kr. 700.000.

Varekostnaden for selskapet var i 2023 på kr 14.100.000. Dette er kr 2.700.000 lavare enn 2022. Hovudårsaka til dette var ein kostnad på kr. 1.400.000 i 2022 knytta til korreksjon av nedgravde løysingar dette året. I tillegg vart det bedre sortering av fraksjonar pga innføring av sorteringsband i siste halvdel av 2022. Dette førte til lavare varekost ved at ein mindre andel vart sendt til forbrenning.

Annan driftskostnad var på kr. 18.400.000 som ligg ca kr 900.000 høgare enn 2022-tala. Det var ekstra høge kostnader knytta til vedlikehald av maskiner/utstyr og bilar samt forsikringar. Når det gjeld forsikringskostnaden, har fleire brannar i renovasjonsanlegg påverka prisinga i tillegg til generell prisauke. Det har også vore brukt eksterne konsulentar knytta til økonomi og rekneskap, som har resultert i høgare kostnader på dette området.

Totale driftskostnader var på kr. 65.700.000 mot tilsvarande tal for 2022 på kr. 66.800.000. Dette gav eit positivt driftsresultat på kr. 3.400.000 for 2023

SSR har ein lånesaldo på kr 90.591.000 ved årsskiftet, og får dermed stort utslag på auken i lånerenter. Netto finanskostnader utgjorde nær kr. 3.900.000 i 2023. Dette førte dermed til

eit negativt årsresultat på kr. 500.000 før skattekostnad. Netto finanskostnader var til samanlikning kr 2.000 000 i 2022.

Resultatet for hushald før utrekning av kalkulasjonsrenter, var negativt med kr. 2.407.000.

Etter kalkulasjonsrenter vart underskotet kr. 3.202.000, og dette beløpet vart overført til sjølvkostfondet sin hushaldsandel. Dette vart dermed redusert frå eit pluss på kr 392.000 til negativt kr. 2.810.000 ved årsslutt.

For slam vart resultatandelen som vart overført til sjølvkostfond negativt med kr. 11.000.

Fondet for slam vart dermed redusert frå kr 178.000 til kr 167.000 på slamkundane i Ulstein og Hareid. For Herøy og Sande blir det som før for private slamavskiljarar, eit nullregime over tid. Viser elles til note 9 i årsrekneskapen.

Næringsverksemda i SSR gav eit positivt resultat før skatt på kr. 1.900.000 og gjev dermed eit viktig tilskot til resultatet i selskapet. Denne delen av verksemda er viktig då det er med å dekke ein del av felleskostnadane som selskapet uansett har. Det er sal av avfallsfraksjonar og tenester som bidreg til auka omsetning, og viser at god sortering av avfallet er viktig for dei økonomiske resultata.

Forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapen for 2023 og melding frå revisor.

Vedtak:



Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

Vedtakssak R04/24

- Godkjenning av eigarmelding for 2023.

Eigarmeldinga skal skildre verksemda i 2023 og svare ut forventningane eigarkommunane har til selskapet. Sjå vedlegg **Signert eigarmelding SSR 2024**.

Forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner eigarmeldinga for 2023.

Vedtak:



Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

Vedtakssak R05/24

- Val av revisor og godkjenning av honorar til revisor etter rekning

Det er i 2023 kostnadsført kr 125.407 (ekskl. mva.) for lovpålagd revisjon, 17.000 for utarbeiding av årsoppgjeret og 13.000 for utarbeiding av likningspapira. For andre tenester utanfor revisjonen er det fakturert kr 160.372. Andre tenester gjeld arbeid med fordelingsark og fordelingsnøklar, førespurnader og rådgiving, og deltaking i styremøte og representantskap inkludert førebuingar. Frå og mars 2024 har vi styrka økonomifunksjonen i selskapet og det er venta at rådgivingsdelen vil gå vesentleg ned framover.

I april 2022 vart det gjennomført ein anbodskonkurranse på revisortenester for SSR. BDO AS blei i april 2022 valde som revisor for rekneskapsåra 2022, 2023, 2024 og 2025.

Forslag til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2023, med kr 155.407 (ekskl. mva.) for ordinære revisjonstenester, årsoppgjer og likningspapir, og kr 160.372 (ekskl. mva.) for andre tenester.
2. Representantskapet godkjenner at BDO AS blir vald som revisor for SSR også i det tredje året i avtaleperioden (2024).

Vedtak:



Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

Vedtakssak R06/24

- Styreval og fastsetting av styregodtgjersle

Tilrådinga frå valkomiteen blir delt ut av leiar i valkomiteen Knut Erik Engh i møtet.

Satsane for styregodtgjersle i 2023 var:

Styreleiar: 100.000

Nestleiar: 60.000

Styremedlem: 50.000

Tilsettevald: 15.000

Forslag til vedtak:

Vedtak:



Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

Orienteringssak R07/24

- Inkludering av grovavfall i gebyret – oversendingsforslag frå Sande kommune.

Sjå vedlegget **Grovavfall inkludert i gebyret – samanfating og styrevedtak.**



Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

Orienteringssak R07/24

- Andre orienteringar v/styreleiar og dagleg leiar i SSR

Årsrekneskap 2023

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

Resultatrekneskap
Balanse
Kontantstraum
Notar til rekneskapen

Resultatrekneskap

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	Budsjett 2023	2022
Salsinntekt		68 787 253	68 352 000	63 855 563
Anna driftsinntekt		247 570	151 000	199 097
Sum driftsinntekter		69 034 823	68 503 000	64 054 660
Varekostnad		14 069 897	14 844 000	16 811 851
Lønskostnad	2, 3	27 738 716	28 961 000	25 297 226
Avskrivning	4	5 250 175	5 426 000	5 384 820
Nedskrivning	4	150 702	0	0
Annan driftskostnad	2, 5	18 446 222	16 856 000	19 316 550
Sum driftskostnader		65 655 712	66 087 000	66 810 447
Driftsresultat		3 379 111	2 416 000	-2 755 787
Finansinntekter og finanskostnader				
Anna renteinntekt		440 732	387 000	340 268
Anna finansinntekt		0	0	3 450
Annan rentekostnad		4 313 016	3 831 000	2 330 580
Annan finanskostnad		2 011	0	736
Resultat av finansposter		-3 874 295	-3 444 000	-1 987 599
Resultat før skattekostnad		-495 184	-1 028 000	-4 743 386
Skattekostnad på resultat	6	201 407	0	0
Årsresultat	7	-696 591	-1 028 000	-4 743 386
Overføring				
Avsett til/ frå sjølvkostfond		-3 213 000	0	-5 583 000
Avsett til annan eigenkapital		2 516 409	0	839 614
Sum overføringer		-696 591	0	-4 743 386

Balanse

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

Eigedelar	Note	2023	2022
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	4, 8	88 745 407	91 176 582
Maskinar og anlegg	4, 8	13 554 829	13 628 212
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	4, 8	991 995	1 613 987
Sum varige driftsmiddel		103 292 231	106 418 782
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Investeringar i aksjar og partar	3	903 452	833 406
Sum finansielle anleggsmiddel		903 452	833 406
Sum anleggsmiddel		104 195 683	107 252 188
Omløpsmiddel			
<i>Varar</i>			
Varar		246 600	0
Sum varer		246 600	0
<i>Krav</i>			
Kundekrav		4 610 665	4 222 087
Andre kortsiktige krav		1 277 572	1 380 581
Sjølvkostfond	9	2 810 000	0
Sum krav		8 698 237	5 602 668
<i>Bankinnskot, kontantar o.l</i>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	928 938	954 885
Sum bankinnskudd, kontanter o.l		928 938	954 885
Sum omløpsmiddel		9 873 775	6 557 552
Sum eigedelar		114 069 458	113 809 740

Balanse

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

Eigenkapital og gjeld	Note	2023	2022
Eigenkapital			
<i>Opptent egenkapital</i>			
Annan egenkapital		12 097 219	9 580 810
Sum opptent egenkapital		12 097 219	9 580 810
Sum egenkapital	7	12 097 219	9 580 810
Gjeld			
<i>Avsetjing til plikter</i>			
Andre avsetjinger for plikter	12	187 356	142 943
Sum avsetjing for plikter		187 356	142 943
<i>Øvrig langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8, 13	90 590 940	94 514 740
Sum anna langsiktig gjeld		90 590 940	94 514 740
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar		2 943	456 391
Leverandørgjeld		4 688 493	2 836 784
Betalbar skatt	6	201 407	0
Skyldige offentlege avgifter		1 769 321	1 826 695
Sjølvkostfond	9	167 000	570 000
Anna kortsiktig gjeld	9	4 364 779	3 881 378
Sum kortsiktig gjeld		11 193 943	9 571 248
Sum gjeld		101 972 239	104 228 931
Sum egenkapital og gjeld		114 069 458	113 809 740

Balanse

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Ulsteinvik

Styret i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

George Harold Fulford
Styreleiar

Camilla Lovise Storøy
Nestleiar

Anne Margrethe Holstad
Styremedlem

Margareth Leinebø
Styremedlem

Kjartan Leidulf Grimstad
Styremedlem

Bjarte Uglum
Styremedlem

Mathias Bernhard Gjerde
Styremedlem

Andrea Øien Sæverud
Dagleg leiar

Indirekte kontantstraum

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar	2023	2022
Resultat før skattekostnad	-495 184	-4 743 386
Ordinære avskrivingar	5 250 175	5 384 820
Nedskriving anleggsmiddel	150 702	0
Endring i varelager	-246 600	0
Endring i kundefordringar	-388 578	-1 860 654
Endring i leverandørgjeld	1 851 709	-238 232
Endring i andre tidsavgrensingspostar	573 446	-148 512
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	6 695 671	-1 605 964
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	2 274 323	2 945 504
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og partar i andre føretak	70 046	61 084
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-2 344 369	-3 006 588
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	3 923 800	3 923 800
Netto endring i kassekreditt	-453 448	456 391
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	-4 377 248	-3 467 409
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-25 946	-8 079 961
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga av per.	954 885	9 034 846
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av per.	928 938	954 885

Noter til rekneskapet 2023

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneapslova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapsskikk for små føretak.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnadar som har påverka resultatrekneskapen og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Salsinntekt

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsførast i takt med utføringa. Lovpålagte tenester med årlig gebyr, der selskapet fakturerer gebyret direkte til abonnentane, blir inntektsført i perioden det er fakturert.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmiddel omfatter eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivas over driftsmiddelet si økonomiske levetid. Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet, samt postar som er knytt til varekretsløpet. Omløpsmiddel vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel nedskrivas til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstraumar knytta til eigedelen. Nedskrivninga reverserast når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Varar

Varar er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi.

Krav

Kundekrav og andre krav oppførast til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å krevje inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

Pensjonsforpliktning

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte. Fra og med 2014 er det valgt å ikkje balanseføre nettopensjonsforplikting. Innbetalingar til ytelsesbasert pensjonsordning kostnadsførast løpande.

Skatt

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapen omfattar betalbar skatt i perioden.

Driftsmidla si fordeling er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av variasjon i bruk er det valgt å ikkje bokføre utsatt skatt/ skattefordel i rekneskapet då denne lar seg vanskeleg berekne.

Noter til rekneskapet 2023

Sjølvcostfond

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og Regionaldepartementet, kan over- eller underskot framførast innanfor eit 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnader. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Kontanstraumoppstilling

Kontantstraumoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar bankinnskot.

Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnader	2023	2022
Løn	20 327 805	19 331 083
Arbeidsgjevaravgift	3 430 985	3 182 078
Pensjonskostnader	3 211 047	2 249 323
Andre ytingar	768 878	534 742
Sum	27 738 716	25 297 226

Selskapet har i 2023 sysselsett 37 årsverk.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova. Sjå elles note 3.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret	Repr.skap
Løn	894 361	0	0
Anna godtgjering	8 954	370 657	35 143
Sum	903 315	370 657	35 143

Løn noverande dagleg leiar i 2023. Leiaren har vore konstituert fra 02.03.2023 og fast tilsett fra 14.08.2023.

Revisor

Godtgjersle til revisor er fordelt på følgjande måte:

Lovpålagd revisjon	125 407
Utarbeiding av årsrekneskap	17 000
Utarbeiding av likningspapir	13 000
Andre tenester	160 372
Sum honorar til revisor	315 779

Noter til rekneskapet 2023

Note 3 Pensjon

Selskapet pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har ei offentlig kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Del av eigenkapitaltilskotet som er innbetalt av selskapet utgjer pr 31.12.2023 kr 903 452.

Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjer ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentlig AFP-ordning for dei ansatte.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 37 aktive personar og 17 pensjonistar. Ordningane gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av talet på oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom eit forsikringsselskap. Framtidig pensjonspremie vil påvirkast av avkastning, lønsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

	2023	2022
Netto pensjonskostnad	3 211 047	2 249 323
Utrekna pensjonsforpliktingar per 31.12.	45 099 134	38 993 908
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) per 31.12.	-38 003 672	-33 327 636
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-3 032 441	-673 865
Arbeidsgjevaravgift	1 000 460	798 944
Netto pensjonsforplikting (ikkje balanseført)	5 063 481	5 791 351

Dei aktuarmessige føresetnadane er basert på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

Note 4 Anleggsnote

	Tomter, bygningar, m.m	Maskiner, anlegg, bilar, m.m	Driftslausøyre, inventar, m.m	Sum varige driftsmiddel
Anskaffingskostnad per 01.01.2023	117 242 588	34 526 718	16 260 295	168 029 601
Tilgang kjøpte driftsmidlar	0	2 078 093	196 230	2 274 323
Avgang driftsmidlar	0	0	0	0
Anskaffingskostnad 31.12.2023	117 242 588	36 604 811	16 456 525	170 303 924
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2023	26 991 232	21 808 186	13 546 180	62 345 598
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2023	1 505 949	1 241 796	1 918 350	4 666 095
Bokført verdi per 31.12.2023	88 745 407	13 554 829	991 995	103 292 231
Avskrivningar i år	2 431 176	2 000 776	818 223	5 250 175
Nedskrivningar i år	0	150 702	0	150 702
Økonomisk levetid	0-50 år	3-10 år	5-10 år	

Noter til rekneskapet 2023

Note 5 Leasing

Årlig leige av ikkje balanseførte driftsmiddel

	2023	2022
Årets leige	2 577 761	3 041 502
Sum	2 577 761	3 041 502

Det er ikkje balanseført leasingforplikting for nokon av leigeobjekta.

Framtidig minimumsleige knytt til ikkje kansellerbare leigeavtalar forfell som følger

Innen ett år	1 839 730
Ett til fem år	4 263 710
Etter fem år	2 055 339
Sum framtidig minimumsleige	8 158 779

Note 6 Skatt

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytta til næringskundar.
Selskapet har ingen mellombelse skilnader pr 31.12.2023

Nedanfor er det gitt spesifikasjon over skilnader mellom rekneskapmessig resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

	2023	2022
Skattemessig underskot til framføring	0	919 019
Skattepliktig inntekt	0	919 019

Utrekning av skattegrunnlaget i år:	2023	2022
Resultat før skattekostnad for næringsverksemd	1 920 684	-498 916
Permanente skilnader	-86 178	-323 782
Bruk av underskot til framføring	-919 019	0
Skattepliktig inntekt	915 487	-822 698

	2023	2022
Betalbar skatt	201 407	0
Utsett skattefordel (22%)	0	202 184
Sum skattekostnad	0	0

Utsett skattefordel er ikkje balanseført i samsvar med God Rekneskapsskikk for små føretak.

Noter til rekneskapet 2023

Note 7 Eigenkapital

	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr 01.01.2023	9 580 810	9 580 810
Årets resultat	2 516 409	2 516 409
Per 31.12.2023	12 097 219	12 097 219

Note 8 Gjeld

	2023	2022
Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år		
Gjeld til kredittinstitusjonar	74 883 740	77 373 340
Sum	74 883 740	77 373 340
Årets endring		
Langsiktig finansiering 01.01.	94 514 740	89 438 540
Opptak nye langsiktige lån	0	9 000 000
Betalte avdrag i år	-3 926 800	-3 923 800
Langsiktig finansiering pr 31.12	90 590 940	94 514 740

Note 9 Sjølvkostfond og mellomrekning mot eigarane

Sjølvkostfondet pr 31.12.2023 er negativt med kr -2 643 000. Ved berekning av sjølvkostfondet er inntekter og kostnader i rekneskapet fordelt mellom hushaldning og næring, og gjenspeilar aktiviteten mellom dei to verksemdsområda.

	Sjølvkostfond slam	Sjølvkostfond hush.avfall	Sjølvkostfond totalt
Sjølvkostfond 01.01.2023	178 000	392 000	570 000
Årets resultat overført til sjølvkostfond	-11 000	-3 202 000	-3 213 000
Sjølvkostfond 31.12.2023	167 000	-2 810 000	-2 643 000

Slamhandsaming vert utført på vegne av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvkostområde i kvar av kommunane. Årets over-/ underinndekking er difor overført til fordring / gjeld mot Herøy og Sande og utgjer pr 31.12.2023 kr 251 097 (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig gjeld. Fra og med 01.01.2017 har SSR ansvar for sjølvkostfond for denne tenesta i Ulstein og Hareid.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnader.

Noter til rekneskapet 2023

Note 10 Bankinnskott

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 921 279.

Note 11 Innskotskapital og eigarinformasjon

Selskapets eigarfordeling per 31.12. ut frå Selskapsavtala pr. 31.12.16:

Deltakarar	Folketal	Eigardel	Antal i rep.skap	Stemmedel
Herøy kommune	8 972	35,67%	4	36%
Ulstein kommune	8 430	33,52%	3	27%
Hareid kommune	5 189	20,63%	2	18%
Sande kommune	2 559	10,17%	2	18%
Sum	25 150	100%	11	100%

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ. Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital. I følge selskapsavtala § 6 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

Note 12 Avsetningar for framtidige forpliktingar for deponi på Eidet i Hareid kommune

Selskapet har i henhold til "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15", forpliktingar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forpliktingar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Etterdriftsansvaret omfattar ei periode på 30 år rekna frå tidspunktet for avvikling av deponering i deponiet. Dette vart avvikla i 2009, og etterdriftsansvaret og kontroll med deponiet varer difor til sommaren 2039, eller til 2045 dersom ein tar utgangspunkt i Fylkesmannen si godkjenning av avslutningsplanen i 2015. Det vil alltid vere usikkerheit knytta til omfanget av kostnader til kontroll og ansvaret elles for deponiet så langt fram i tid. Avsett beløp og framtidige inntekter på deponiområdet gir uttrykk for leinga sitt beste estimat på tidspunktet for avlegging av årsrekneskapet for 2023.

Inntektene frå aktivitetane med å stå for påsleppspunkt for rejectvatn frå slamtøminga i Ulstein og Hareid og handtering av grein- og hageavfall for Ulstein og Hareid, saman med tidlegare avsetning, har vore kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet.

	2023	2022
Avsetjingar frå tidligare år	142 943	196 968
Medgåtte kostnader i året	-45 587	-144 025
Auka avsetjing i året	90 000	90 000
Avsetjing pr 31.12	187 356	142 943

Noter til rekneskapet 2023

Note 13 Garantiar

I samsvar med selskapsavtala er deltakarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

UGLUM, BJARTE

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5990-4-1669573

IP: 195.181.xxx.xxx

2024-05-07 16:49:44 UTC



Fulford, George Harold

Styreleder

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5999-4-3955188

IP: 109.247.xxx.xxx

2024-05-07 18:13:51 UTC



Sæverud, Andrea Øien

Daglig leder

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-3471609

IP: 195.181.xxx.xxx

2024-05-07 20:05:19 UTC



Grimstad, Kjartan Leidulf

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5998-4-1423259

IP: 195.1.xxx.xxx

2024-05-08 05:06:35 UTC



Leinebø, Margareth

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5997-4-1187616

IP: 77.18.xxx.xxx

2024-05-08 05:41:34 UTC



Gjerde, Mathias Bernhard

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2714578

IP: 46.15.xxx.xxx

2024-05-08 08:12:59 UTC



Penneo Dokumentnr: 3450Q-P75E4-ISXQK-NL VNM-U6A1S-4PLN0

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Holstad, Anne Margrethe

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5994-4-2911706

IP: 62.92.xxx.xxx

2024-05-08 09:14:32 UTC



Storøy, Camilla Lovise

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5998-4-1349187

IP: 185.138.xxx.xxx

2024-05-08 12:10:45 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2023

Selskapet sine styringsdokument slår fast at styret skal utarbeide ei eigarmelding. Årsmeldinga omfattar difor også ei eigarmelding, sidan begge meldingane inneheld mykje av den same informasjonen.

1. STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2023 hatt desse medlemmene:

George Fulford, styreleiar
Camilla Lovise Storøy, nestleiar
Margareth Leinebø, styremedlem
Anne Holstad, styremedlem
Arnliot Muren, styremedlem (fram til og med mai)
Mathias B. Gjerde, styremedlem (frå og med juni)
Kjartan Leidulf Grimstad, styremedlem
Bjarte Uglum, styremedlem, vald av og blant dei tilsette

Det har vore 6 styremøte og 45 saker er behandla i 2023. I tillegg har det vore ei strategisamling på Runde miljøsender og eit infomøte i Saunesmarka med både styret og nyvalde medlemmer til representantskapet i etterkant av kommunevalet. I tillegg har det vore tett kontakt mellom styret og administrasjonen gjennom året.

2. REPRESENTANTSKAP

Representantskapet inneheld politisk valde representantar frå kvar av dei fire eigarkommunane. Knut Erik Engh var leiar av representantskapet fram til møtet i november. Deretter tok Karl Oskar Sævik over vervet. Det har vore to møte i representantskapet i 2023. Selskapet har, utover formelle møte, jamn og god kontakt med eigarane.

3. OPPSUMMERING OG KORT OM VERKSEMDA I 2023

Selskapet har ansvaret for innsamling og behandling av hushaldsavfall frå innbyggjarane i kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

I dei fire eigarkommunane er det 25 589 innbyggjarar, rundt 11 000 husstandar, tre miljøstasjonar, ein greinplass og 39 returpunkt for emballasje av glas- og metall.

Kjerneverksemda til selskapet er å gi eit renovasjonstilbod til husstandane.

Ansvaret for renovasjon omfattar innsamling, sortering, omlasting, transport og avsetnad av hushaldsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar. Målet er mest mogleg materialgjenvinning av det innsamla avfallet. Denne delen av verksemda blir gjennomført til sjølvkost. Overskot eller underskot på hushaldsdelen skal først mot sjølvkostfondet.

Tilbodet til selskapet omfattar også innsamling, transport og avsetnad av næringsavfall i avgrensa omfang. Denne tenesta er med på å styrke verksemda til selskapet og medverkar til at selskapet når dei strategiske måla. Dette medfører lågare renovasjonsgebyr for innbyggjarane, ikkje minst på grunn av meir effektiv bruk av driftsmidlane til selskapet. Omfanget av næringskundar omfattar, etter styret si vurdering, ingen økonomisk risiko av betydning. Rekneskapsføring knytt til næringskundar blir halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapsen for hushaldskundar.

På vegner av eigarkommunane administrerer selskapet slamordninga og utforminga av tilbod til utførande entreprenør. Selskapet har ansvaret for å følgje opp at oppdraget blir utført etter kontrakt. Konkrete saker blir drøfta i eit eige fora der kvar kommune har sin slamkontakt. For Ulstein og Hareid fakturerer selskapet direkte også eigarar av private slamtankar, ikkje berre dei offentlege. Herøy og Sande har eigne sjølvkostfond for slam, og fakturerer sjølv dei private hushalda.

Arnstein Myklebust var dagleg leiar i selskapet fram til 2. mars 2023, då blei Andrea Øien Sæverud konstituert som dagleg leiar. 14. august 2023 blei Sæverud formelt tilsett som ny dagleg leiar.

Rekneskapsen for 2023 viser eit årsresultat som er dårlegare enn budsjettert på hushaldsrenovasjon, medan det er vesentleg betre på næringsdelen. Sjå vidare utdjuving i kapittel 9.

4. EIGARFORHOLD, SELSKAPSFORM OG FORMÅL

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytt til hushaldsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. SSR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegner av eigarkommunane. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonalt og internasjonalt regelverk som omfattar ein del rammevilkår som selskapet i lita grad kan påverke. SSR har kontorbygg og hovudanlegg i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall i alle dei fire eigarkommunane.

Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventningar til kostnadseffektiv tenestelevering innan miljø og avfall og utføre dei lovpålagde oppgåvene. Selskapet skal heile tida arbeide for å levere best mogleg både når det gjeld miljøkrav, tenestenivå til innbyggjarane og kostnadseffektivitet.

Dei strategiske måla til selskapet er:

- Selskapet skal stå for innsamling, mottak, sortering, omlasting, transport og gjenvinning av avfall frå hushalda på ein mest mogleg miljøvenleg måte.
- Selskapet skal forvalte enkle, brukarvennlege, rettferdige og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane
- Selskapet skal jobbe for å realisere nasjonale miljømål og eigarane sine lokale miljømål og klimaplanar.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon er ein tydeleg og framtidsretta haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunane.
- Andre strategiske mål går på det store samfunnsansvaret selskapet har i den grunnleggjande velferdsproduksjonen i landet, god økonomistyring, satsing på digitalisering og utvikling av organisasjonen.

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2023

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Gjennom selskapet sin kommunikasjon, med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan, skal vi i tillegg til dagleg drift formidle kunnskap om kjeldesortering og avfall som råvare og ressurs. Dette er avgjerande for å oppnå forståing for og gjennomføring av dei nasjonale og internasjonale måla om mest mogleg materialgjenvinning.

5. ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Selskapet sysselsette i 2023 ca. 41 årsverk. Dette er fordelt på 35 fast tilsette på heiltid og rundt 14 andre stillingar (til saman 6 årsverk). Desse 14 stillingane inkluderer dei som ikkje jobbar heiltid, ferievikarar og vikarar for å dekke opp for ferie, sjukdom og anna fråver. I tillegg kjem dei som periodevis er her på arbeidsmarknadstiltak i regi av NAV, Furene og flyktningkontora.

SSR har i 2023 kjøpt bedriftshelsetenester hos Medi 3. Desse er, ved behov, involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde / verneombod, i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Totalt sjukefråver utgjør 11,4 % (11,5 % i 2022). 1,8 % (2,5 % i 2022) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret er på 9,5 % (8,9 % i 2022). Det blei i 2023 sett i verk tiltak som styret forventar skal medføre eit lågare sjukefråver. Frå og med 2024 vil det også bli oppretta eit eige arbeidsmiljøutval der lågare sjukefråver vil bli eitt av HMS-måla ein skal jobbe mot. SSR har i 2023 ikkje hatt alvorlege personskadar knytt til verksemda. Vi har hatt to hendingar med mindre personskadar blant renovatørane.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av medarbeidarane i selskapet. I 2023 starta fire tilsette på eit etterutdanningsløp i gjenvinningsfaget i regi av AOF. Dette er ein del av staten sitt kompetanseløft i gjenvinningsfaget og derfor eit kostnadsfritt studietilbod for verksemda og dei tilsette.

Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det blir praktisert lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine sju medlemmer er tre kvinner. Av selskapet sine åtte tilsette i administrasjonen, er fem kvinner. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt i drifta, men også her har ein sett ei utvikling siste åra. Ved årsskiftet hadde vi fire kvinnelege tilsette i drifta.

Styret legg stor vekt på at arbeidsmiljøet og samarbeidet i selskapet skal vere godt. I 2023 har ein fått teke opp igjen allmøte og sosiale samlingspunkt etter koronatida, noko som har vore positivt. Desse små og store møteplassane er med på å forsterke kjensla av ein felles arbeidsplass på tvers av avdelingar.

6. MILJØRAPPORTERING

Den daglege verksemda skjer ved ordinær kontorverksemd, arbeid på miljøstasjonar og industriområde og transportverksemd. Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljøet.

Selskapet har sjølv ansvaret for innsamling av avfall. Det er eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Ved utøving av verksemda blir det stilt krav til gode og rasjonelle transportløyser, der lågt drivstoff-forbruk, redusert støy og minimale utslepp blir vektlagt.

Sluttbehandling av innsamla avfall skjer etter konkurranse i marknaden. Her blir det lagt særleg vekt på kortreiste og miljøvenlege løysingar, i tillegg til mest mogleg materialgjenvinning.

SSR har utarbeidd ein eigen klimarekneskap for 2023. Her reknar ein om både positiv og negativ miljøpåverknad til CO₂-ekvivalentar. Verksemda i selskapet bidreg positivt til reduserte utslepp gjennom utnytting av ressursane i avfallet.

Styret prioriterer aktivt å realisere miljømål som eigarar og nasjonalt og internasjonalt regelverk set for selskapet. Dette skjer mellom anna ved å vidareutvikle kjeldesorteringsordninga, der stadig

fleire fraksjonar blir sorterte ut for å gå til materialgjenvinning.

7. KUNDETILFREDSHEIT

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvenleg, slik at det skal vere enklast mogleg for innbyggjarane å kjeldesortere og ta miljøvenlege val. Kundeundersøkinga for 2023 gav det høgaste resultatet på tilfredsheit blant innbyggjarane i selskapet si historie. Selskapet meiner likevel at det framleis er eit potensial for endå betre sortering, og jobbar jamt både med informasjonskampanjar og haldningsskapande arbeid.

Å få fram kva avfallet blir til og den store miljøgevinsten ved gjenvinning, er noko selskapet skal kommunisere ut til innbyggjarane i fleire kanalar og flater. Det er avgjerande for motivasjonen til kundane at dei kjenner til heile gjenvinningsprosessen og at dei bidreg til ein stor miljødugnad ved å kjeldesortere. Det skaper også meir forståing for oppdraget, retningslinjene og arbeidet til selskapet.

8. SAMFUNNSANSVAR

Selskapet opptre ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, arbeidstakarrettar, etikk, innkjøp og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

Selskapet legg vekt på å bruke leverandørar som kan vise til berekraftige løysingar. Arbeidet med dette vil framover bli forsterka og formalisert gjennom dei nye miljøkrava til offentlege innkjøp.

Mange av leverandørane til selskapet, er selskap som er omfatta av openheitslova. SSR vil arbeide etter intensjonane i openheitslova, sjølv om selskapet førebels ikkje er omfatta av den.

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2023

Selskapet har internkontrollsystem som skal søke å førebygge korrupsjon og misleghald, og leiarar skal gå føre og varsle om kritikkverdige tilhøve. Selskapet har utarbeidd etiske retningslinjer.

9. ØKONOMI

Renovasjonstenestene som SSR utfører, blir for hushalda i hovudsak finansiert gjennom renovasjonsgebyr. Det blir ført eit eige sjølvkostrekneskap og sjølvkostfond for innbyggjarane i eigarkommunane.

Driftsinntektene for 2023 var på kr. 69.035.000. Dette er ein auke frå 2022 på i underkant av kr.5.000.000 som fordeler seg med ca kr. 1.400.000 på næring, ca kr. 2.700.000 på hushald og ca kr. 700.000 på slam. Inntektene inkluderer renovasjon for hushald og næring i tillegg til slam.

Inntekta på hushald var kr. 46.342.000, kr. 18.265.000 på næring og kr.4.516.000 på slam.

Driftsinntektene for hushaldsverksemda er ca. kr. 1.500.000 lågare enn budsjett. Det kjem primært av lågare salsinntekter på fraksjonar enn budsjett. Underskotet for hushalda som først mot sjølvkostfondet, er på kr. 3.213.000 mot budsjett kr. 2.224.000. Ved inngangen av 2023 var sjølvkostfondet på kr 570.000 fordelt med kr. 392.000 på hushaldsrenovasjon og kr. 178.000 på slamkundar i Ulstein og Hareid. Underskotet for 2023 fordeler seg med kr. 3.202.000 på hushaldsrenovasjon og kr. 11.000 på slamkundane. Dette gjev eit negativt sjølvkostfond for hushald på kr. 2.810.000 og eit positivt sjølvkostfond for slamkundar på kr. 167.000 ved årsslutt. Budsjettet for 2024 viser at inntektene er tilsvarende kostnadene for denne verksemda.

Rekneskapen for 2023 syner eit underskotet på ca. kr. 700.000,- etter skatt. Dette er likevel ei betring frå 2022 og om lag kr. 300 000 betre enn budsjett. Driftsresultatet er på ca kr. 3.400.000 i overskot, medan netto kostnad av finanspostane er på ca kr. 3.900 000. Dette gjev dermed eit underskot for selskapet totalt.

Netto finanskostnader i 2022 var til samanlikning på ca kr 2.000 000, altså omtrent dubla finanskostnadene seg frå 2022 til 2023. I budsjettet var det teke høgde for finanskostnader på ca. kr. 3.400 000, ein halv million lågare enn resultatet. Skattekostnaden for næringsdelen utgjør ca kr 200.000.

Næringsdelen bidreg til eit overskot på ca kr. 1.900.000 etter finanskostnad på ca. 1.000.000.

Det er særleg sal av avfallsfraksjonar og tenester som bidreg til auka omsetning. Innhentingstenester på næring har gått noko ned. Overskotet etter skatt og avskrivning vart på kr. 2.516.409. Dette vart overført til eigenkapitalen som ved årsslutt er på kr. 12.097.219.

10. FRAMTIDSUTSIKTER OG PLANLAGDE ENDRINGAR

Strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventningar. I denne planen er nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å synleggjere krav til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit, miljø og berekraft.

I 2024 skal strategiplanen rullerast, og selskapet ønskjer då å vidare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan berekraft. Ei vidare satsing på samarbeid med eigarkommunane vil vere avgjerande her. I den nye strategiplanen vil det bli lagt auka vekt på berekraft, både når det gjeld miljø, selskapsstyring og sosiale forhold.

Vi skal sette oss konkrete mål som tek oss vidare i arbeidet med å skape eit meir berekraftig lokalsamfunn.

Å arbeide for meir materialgjenvinning i samarbeid med innbyggjarane våre, vil framover vere det viktigaste vi gjer. Utviklinga vil samtidig omfatte nye krav til sortering for fritidsbustadar, digitalisering, meir informasjon og kommunikasjon internt og eksternt, auka satsing på gjenbruk og lokale, sirkulære verdikjeder og å vere ein god støttespelar for eigarkommunar og innbyggjarar når det gjeld forsøpling lokalt.

Utfordringar med nye kvalitetskrav i nedstraumsløysingar vil vere eit viktig arbeidsområde i tida framover. Det blir kravd stadig høgare kvalitet på råvarene vi leverer frå oss for at dei skal vere eigna til gjenvinning. Vi skal legge til rette for at abonnentane får gjort ein god sorteringsjobb i heimen, der målet er minst mogeleg restavfall. Verksemda må i aukande grad gjere ein større jobb med sortering, tilrettelegging og pakking av dei avfallsfraksjonane vi sender frå oss, noko som både er kostnadsdrivande og krev større areal. Å halde fram med å jobbe for høg kvalitet på råvarene i samarbeid med innbyggjarane, i tillegg til lokalt og regionalt samarbeid, vil kunne løyse ein del av desse utfordringane.

11. ARBEIDSÅRET 2023

Selskapet er ein del av ein bransje som blir stadig viktigare, i ei verd der ein må snakke meir og meir om bruk (og kast) av avgrensa naturressursar. Selskapet er i den posisjonen at vi får vere eit viktig verktøy for eigarkommunane og innbyggjarane våre på vegen mot eit meir berekraftig samfunn.

Styret vil rette ei stor takk til medarbeidarane i selskapet. Det skal vere meningsfylt å jobbe i SSR og arbeidet vi gjer skal kvar dag skape verdi for våre eigne tilsette, eigarkommunane og lokalsamfunnet.

Ulsteinvik, 30. april 2024

George H. Fulford styreleiar	Camilla Lovise Storøy nestleiar
--	---

Margareth Leinebø	Anne Holstad
--------------------------	---------------------

Mathias B. Gjerde	Kjartan Leidulf Grimstad
--------------------------	---------------------------------

Bjarte Uglum	Andrea Øien Sæverud dagleg leiar
---------------------	--

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen handskriven signatur.

Vedlegg 1: Måloppnåing vedr. avfallsmengder 2023 på hushaldning

EU (og dermed også Noreg) sine mål for materialgjenvinning (eller høgare i hierarkiet):

2020: 50%	2025: 55%	2030: 60%	2035: 65%
-----------	-----------	-----------	-----------

SSR sine tal for 2023:

Nedstrømsløsning:	2023 i tonn:	2023 i prosent:	2022 i tonn:	2022 i prosent:
Ombruk / gjenbruk	217 tonn	2,6 %	267 tonn	3,1 %
Materialgjenvinning	4993 tonn	60 %	4667 tonn	54,7 %
Energigjenvinning	2885 tonn	34,6 %	3403 tonn	39,9 %
Deponi	231 tonn	2,8 %	192 tonn	2,3 %
Hushaldningsavfall totalt	8326 tonn	100 %	8529 tonn	100 %
Materialgjenvinning eller høgare i hierarkiet:	5210 tonn	62,6 %	4934 tonn	57,8 %

Ombruk/gjenbruk: T.d. at klede, sko, ski, sykler, møblar, etc. blir brukt oppatt i staden for å bli kasta.


Materialgjenvinning: Plast blir til plast, metall blir til nye metallprodukt, etc.

Energigjenvinning: Avfall blir brent for å produsere fjernvarme og elektrisitet.

Deponi: Avfall som går til deponering, t.d. asbest.

Vedlegg 2: Kundetilfredsheit og utvikling i sjukefråveret**Kundetilfredsheit:**

Måla er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

**Sjukefråver:**

Utviklinga i sjukefråveret har vore slik siste åra:

År:	Totalt sjukefråver:	Korttidsfråver:	Langtidsfråver:
2019	7,21 %	2,38 %	4,83 %
2020	4,81 %	2,32 %	2,49 %
2021	9,10 %	0,60 %	8,50 %
2022	11,50 %	2,51 %	8,99 %
2023	11,4%	1,8%	9,5%

VEDLEGG

Vedlegg 3: Klimarekneskap

Klimarekneskapet er rekna ut etter i ein modell frå rådgivingselskapet Mepex. Kontordrifta i SSR forureinar ikkje det ytre miljøet. Selskapet si øvrige verksemd forureinar i avgrensa grad det ytre miljøet. Som ansvarleg for å levere renovasjonstenester til over 11 000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet.

Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløyningar der miljøomsyn er tillagt stor vekt. Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Ved å jobbe for å oppnå miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er teke hand om.



Hushald:

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)	
	2022	2023	2022	2023
Utslepp frå transport	600	593	24	23
Utslepp frå forbrenning	2838	2306	112	90
CO ₂ -red. frå forbrenning	-2198	-1855	-87	-72
CO ₂ -red. frå gjenvinning	-5420	-5594	-215	-218
Total CO₂-reduksjon	-4180	-4550	-166	-177

Tabell 1: Totalt utslepp og innsparing i SSR 2023, hushald.

Totalt utslepp og innsparing i SSR 2023, hushaldning (samla mengd inkludert næring i parentes):

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til totalt 593 tonn CO₂-ekvivalentar (675).

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall, 2306 tonn CO₂-ekvivalentar (4378).

Den største reduksjonen i utslepp kjem ved at energi frå avfallsforbrenning/energigjenvinning erstattar andre energikjelder, 1855 CO₂-ekvivalentar (3405). Deretter gir materialgjenvinning og ombruk ein reduksjon i CO₂ ved at ein erstattar ny utvinning og bruk av naturressursar, tilsvarende 5594 CO₂-ekvivalentar (10253).

For utsorterte fraksjonar (gjenvinning) er gevinsten gjennomsnittleg på 1,291 tonn CO₂ per tonn avfall (1,533).

For restavfallet og grovavfallet (forbrenning/energigjenvinning) er det eit netto utslepp på 0,196 tonn CO₂ per tonn avfall (0,174).

Totalt for selskapet, inkl. næring:

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)	
	2022	2023	2022	2023
Utslepp frå transport	687	675	27	26
Utslepp frå forbrenning	5081	4378	201	171
CO ₂ -red. frå forbrenning	-3776	-3405	-150	-133
CO ₂ -red. frå gjenvinning	-10262	-10253	-407	-400
Total CO₂-reduksjon	-8270	-8605	-329	-336

Tabell 2: Totalt utslepp og innsparing i SSR 2023. Tala inkluderer både hushald og næring.

- Innbyggjartalet for dei fire eigarkommunane var på 25 589 innbyggjarar ved utgangen av 2023 (tal frå SSB).
- Modellen for utrekning av klimarekneskapet tek ikkje omsyn til avfallstypene:
 - betong (183 tonn)
 - gips (27 tonn)
 - ombruk (25 tonn)
 - heimekompostering (71 tonn)I parentes står tonn-mengda desse fraksjonane utgjorde for hushaldskundar i 2023.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

UGLUM, BJARTE

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5990-4-1669573

IP: 195.181.xxx.xxx

2024-05-07 16:49:44 UTC



Fulford, George Harold

Styreleder

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5999-4-3955188

IP: 109.247.xxx.xxx

2024-05-07 18:13:51 UTC



Sæverud, Andrea Øien

Daglig leder

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-3471609

IP: 195.181.xxx.xxx

2024-05-07 20:05:19 UTC



Grimstad, Kjartan Leidulf

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5998-4-1423259

IP: 195.1.xxx.xxx

2024-05-08 05:06:35 UTC



Leinebø, Margareth

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5997-4-1187616

IP: 77.18.xxx.xxx

2024-05-08 05:41:34 UTC



Gjerde, Mathias Bernhard

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2714578

IP: 46.15.xxx.xxx

2024-05-08 08:12:59 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Holstad, Anne Margrethe

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5994-4-2911706

IP: 62.92.xxx.xxx

2024-05-08 09:14:32 UTC



Storøy, Camilla Lovise

Styremedlem

På vegne av: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Serienummer: no_bankid:9578-5998-4-1349187

IP: 185.138.xxx.xxx

2024-05-08 12:10:45 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Orientering om oversendingsforslag frå Sande kommune:

Levering av inntil 1000 kilo grovavfall gratis

Bakgrunn:

Sande formannskap handsama i møte 16. januar 2024 eit oversendingsframlegg frå kommunestyret. Oversendingsframlegget har denne ordlyden:

Sande kommune går i dialog med SSR om å etablere ei grense på levering av inntil 1000 kg med grovavfall gratis pr. husstand/år. Dette er for å få fleire til å levere grovavfall i staden for å brenne bål.

Administrasjonen i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS har greidd ut ulike sider ved saka, og la den fram for styret i styremøte 30/4. Dette er eit samandrag av utgreiinga som blei lagt fram og behandla i styremøte 30/4 2024, for å gi representantskapet litt meir informasjon i forkant av orienteringa i representantskapsmøtet 23/5 2024.

Kva meiner innbyggjarane?

Forslaget om å inkludere ei viss mengde grovavfall i renovasjonsgebyret, har vore oppe til diskusjon i dei styrande organa fleire gonger tidlegare. Sist orientering om temaet fann stad i møte i representantskapet hausten 2020. Der blei det orientert om at ein ville ta spørsmålet inn i den årlege kundeundersøkinga, for å sjekke «temperaturen» for forslaget blant innbyggjarane.

Oppsummert kan ein seie at litt meir enn halvparten av dei som har svart på kundeundersøkinga dei siste åra, er positive til ei slik ordning. Når dei får vite at det vil føre til eit generelt gebyrpåslag, er rundt ein tredjedel av innbyggjarane framleis positive til å innføre ei slik ordning.

Kvifor påslag?

SSR må betale for å levere frå seg grovavfall til forbrenning. Alt selskapet har av kostnader knytt til innsamling og behandling av hushaldsavfall, er det innbyggjarane i eigarkommunane som skal dekke gjennom gebyret og betaling på miljøstasjonane.

Forslaget frå Sande kommune, inneber å flytte kostnaden frå betaling per kilo på miljøstasjonen, til eit generelt påslag på renovasjonsgebyret for alle innbyggjarar. Dette er ein modell som fleire renovasjonsselskap brukar i dag, for ei viss mengd avfall. Samtidig er det også vanleg å ha betaling per kilo/faktisk bruk av miljøstasjonen, slik SSR-modellen er per dags dato. Dette er eit val eigarkommunane må ta på vegner av innbyggjarane og selskapet sitt.

Per dags dato er det ein heil del avfallstypar som er kostnadsfritt å levere på miljøstasjonane til SSR for privatkundar. Desse er:

- Elektrisk og elektronisk avfall (EE)
- Metall
- Batteri (store og små)
- Lyspærer
- Isopor (rein)
- Bildekk (så lenge dei er reine)
- Papp og papir
- Plastemballasje
- Hageavfall
- 1000 kilo farleg avfall
- Avfall frå strandryddeaksjonar

Fleire av desse er avfallstypar som SSR og andre renovasjonsselskap er lovpålagde å ta imot kostnadsfritt. I desse tilfella blir kostnaden ved innsamling og behandling baka inn i gebyret eller delvis dekt av produsentansvarsordningar.

Potensielt framtidig lovstridig?

I praksis betyr ei ordning med grovavfall inkludert i gebyret, at dei som har lågt forbruk og kastar lite avfall er med på å subsidiere dei som har høgt forbruk og kastar mykje avfall. Når det øvste målet i norsk og europeisk avfallspolitikk er avfallsreduksjon, kan ein spørje seg om det er rett å legge opp til ei ordning der terskelen for å bruke og kaste blir lågare.

Dagens ordning kan vere med på å stimulere til at fleire «orkar» å ta jobben med å levere ting til gjenbruk, gi dei vekk eller selje dei, og dermed bidra til avfallsreduksjon. Dagens ordning er truleg også eit insentiv til god sortering, då innbyggjarane sparar pengar på å sortere ut gratisfraksjonane frå grovavfallet.

Argumentet for ei frikvote, er at enkelte av dei som i dag bryt lova ved å brenne bål og dumpe avfall i naturen, heller vil levere avfallet på miljøstasjonen viss kostnaden blir teken over renovasjonsgebyret i staden for ved kilopris i vekta. At fellesskapet tek kostnaden i staden for den enkelte, kan potensielt redusere risikoen for lovstridig avfallshandtering som villfyllingar eller bålbrenning av avfall.

I opprydding av villfyllingar, er likevel SSR si erfaring at ein finn like mykje gratisvarer som grovavfall. Altså handlar forsøplingsrisikoen ofte også om mangel på kunnskap om kva det kostar (eller ikkje kostar) å levere av dei ulike avfallstypene. Her har vi som selskap ei konstant oppgåve med å få ut informasjon om dei løysingane som finst. Inntrykket vårt er likevel at dei aller fleste kundane på miljøstasjonane er godt nøgde med dagens system, og viser stor forståing for at moderne og miljøvenleg avfallshandtering har ein kostnad.

I Klima- og miljødepartementet sitt forslag til endring av forureiningslova, ligg det inne forslag om at § 34 andre ledd skal lyde: *Kommunene skal fastsette differensierte gebyrer, der dette kan bidra til avfallsreduksjon, økt forberedelse til ombruk og økt materialgjenvinning. Forurensningsmyndigheten kan fastsette forskrifter om beregning av gebyrene og om differensiert gebyr.*

Den nasjonale avfallspolitikken vektlegg altså i stadig større grad at det skal lønne seg å ta miljøvenlege val som er med på å redusere avfallsmengda, og prinsippet om at forureinar skal betale.

Administrasjonen meiner det vil vere både uheldig og kostnadskrevjande dersom ein no innfører ei frikvote-ordning som etter kort tid må avviklast fordi den er i strid med intensjonen i lovverket.

Bålbrenning – kvar ligg ansvaret?

Oversendingsforslaget frå Sande er grunngitt med at ein ønskjer å få slutt på ulovleg bålbrekking. Det er ei viktig sak, og forslaget skal ha all honnør for å sette problemstillinga på agendaen. Det prinsipielle spørsmålet blir likevel: er det rett at avfallssystemet skal tilpasse seg lovbrutarane, eller skal syndarane tilpasse seg lovverket? All brekking av avfall er ulovleg etter forureiningslova, dersom det ikkje er gitt løyve frå den som sit med forureiningsmynde, altså den enkelte kommunen.

Sjølv om det er meldt frå til kommunen om bålbrekking, til dømes i samband med jonsokfeiring, er det ikkje lov å brenne avfall, berre greiner, kvistar og ubehandla trematerial. Dersom ein brenn anna avfall, er det både skadeleg og ulovleg. I eit slik bål, vil det kunne oppstå giftige gassar, helseskadelege partiklar, og oske og andre restar vil ofte føre til at grunnen der bålet stod blir forureina. Brannrestane kan mange stader hamne i sjø eller vassdrag og forureine der. Kommunen skal sørgje for at grunnen der det har stått eit ulovleg bål blir registrert i matrikkelen, med mistanke om forureina grunn, ifølgje Statsforvalteren i Møre og Romsdal. Det kan seinare føre til at det seinare kan bli vanskeleg å få grave eller bygge på staden.

Målet med forslaget, å få slutt på slik forureining, er svært viktig. Administrasjonen i SSR er likevel usikre på om forslaget inneber det rette middelet. Vi meiner at ansvaret først og fremst ligg hjå kommunane som forureiningsmynde. Ei tett oppfølging og eventuelle sanksjonar mot dei som bryt forureiningslova, ville forhåpentlegvis hatt ei preventiv effekt.

Risiko for ukontrollerte kostnader

Utrekningar gjort av administrasjonen i SSR, viser at dersom rundt 20 prosent av innbyggjarane nyttar seg av ei frikvote på 1000 kilo grovavfall, så vil gebyret måtte auke med rundt 550 kroner per husstand. Dette er eit forsiktig anslag. Styresmaktene har i tillegg signalisert at CO₂-avgifta i framtida i alle fall ikkje skal ned, heller opp. Dette er ei avgift som slår kraftig inn på tonnprisen vår for grovavfall, og det er grunn til å tru at denne prisen berre vil auke med åra.

I dagens økonomiske situasjon i SSR, med negativt sjølvkostfond og høgare driftskostnader, vil innbyggjarane også dei neste åra truleg måtte tole ein auke i renovasjonsgebyret, sjølv utan å innlemme ei frikvote-ordning på grovavfallet. Ved å i tillegg inkludere grovavfallet i gebyret, vil gebyret måtte gjere eit endå kraftigare byks. Dersom ein tek utgangspunkt i eit forsiktig scenario der ein av fem husstandar nyttar seg av ein kvote på 1000 kilo «fri» levering av grovavfall, vil standardgebyret samla sett truleg måtte stige med over 20 prosent totalt for 2025.

I tillegg vil selskapet måtte leve med stor usikkerheit rundt kostnadsbiletet, med ein potensielt høg risiko for budsjettoverskridingar. Det er ein situasjon som administrasjonen ikkje ønskjer at selskapet skal hamne i, av omsyn til både eigarkommunane, innbyggjarane og selskapet i seg sjølv.

Vedtak i styremøtet 30/4:

Styret vedtek å ikkje etablere 1000 kilo fri levering av grovavfall årleg. Føringane i nasjonal og internasjonal avfallspolitik i tillegg til høg risiko for liten kostnadskontroll, er dei avgjerande faktorane. Saka blir fremja som orienteringssak på møtet i representantskapet i mai 2024.

Melding frå uavhengig revisor

Til representantskapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

Årsrekneskapen er samansett av:

- Balanse per 31. desember 2023
- Resultatrekneskap for 2023
- Kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per 31. desember 2023
- Notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- Gjev årsrekneskapen eit rettvisebilde av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2023 og av resultata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmelding/eigarmelding. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Andre tilhøve

Budsjettala for 2023 som er presenterte i resultatrekneskapen er ikkje reviderte.

BDO AS

Einar Giljarhus Løkken
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Løkken, Einar Giljarhus

Statsautorisert revisor

På vegne av: BDO AS

Serienummer: no_bankid:9578-5999-4-1754739

IP: 188.95.xxx.xxx

2024-05-08 17:03:40 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK ÅRSRAPPORT 2023



Saman tek vi vare på ressursane

INNHALD

Avfall per innbyggjar 2023	s 4
Kva skjer med det du kastar?	s 6
På vegen i all slags vår	s 8
– Mange er rågode og legg sjela si i det	s 10
Ny eigar – nytt liv	s 12
Kva er berekraft?	s 12
Vi vann, vi vann!	s 13
Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere litt	s 14
Får pengar for å rydde!	s 15
Takk! ♥	s 15
Resultat og rekneskap	s 16
Frå revisor	s 24
Årsmelding/eigarmelding	s 26

“Kanskje noko er i ferd med å snu?”

— Andrea Ø. Sæverud

Bruk og kast. Og bruk om igjen!

«Bruk og kast» betyr ifølgje ordboka at ein ukritisk kjøper nye ting i staden for å bruke ferdig eller å reparere det ein allereie har. Uttrykket kan brukast om ein person med bruk og kast-mentalitet, eller at vi dei siste tiåra har levd i eit bruk og kast-samfunn. Det gjer vi nok framleis. Kanskje noko er i ferd med å snu?

Vi kastar mindre

Folket på ytre søre Sunnmøre har i 2023 i alle fall kasta litt mindre enn tidlegare år. I fjor samla vi i SSR inn 321 kilo hushaldsavfall frå innbyggjarane våre. Året før landa vi på 334 kilo, medan ein i koronaåret 2020 hadde ein topp på 390 kilo per innbyggjar. Truleg takka vere mykje heimetid som blei brukt til både garasjerydding og gjesteromsoppussing.

Kvifor vi har kasta mindre dei siste åra, er vi ikkje heilt sikre på. Men nokre teoriar kan vi ha. Økonomisk trongare tider kan ha ein innverknad. Når vi kjøper mindre, kastar vi også mindre. Vi er kanskje flinkare til å selje eller gi vekk det vi vil kvitte oss med, og høgare matvareprisar kan ha gjort at vi et meir av maten vi kjøper.

Eg likar også å tru at vi har blitt meir bevisste på at det er lurt å kaste mindre.

Flinkare til å sortere

Samtidig som at vi kastar mindre, har vi også blitt flinkare til å sortere det vi kastar. Av det vi kasta i 2023, blei 63 prosent av materiala gjenvunne. Det er bra! Vi som bur i SSR-området ligg dermed godt an med tanke på EU-målet om 65 prosent materialgjenvinning av hushaldsavfall innan 2035.

Dine val er avgjerande

Dei små vala du gjer ved kjøkenbenken heime, når du vel kvar du skal kaste potetskrellet, kjøtdeigpakken eller syltetøyglaset, er avgjerande for om det du kastar får eit nytt liv eller ikkje. På miljøstasjonen gjeld det same. Ved å kaste avfallet i rett konteinar, gir du materiala sjansen til å bli brukte på ny. Som ein bonus sørgjer du for at miljøgifter ikkje endar opp ute i økosystema våre. Ved god sortering, er der også pengar å spare. Peisar du alt i ein sekk, går du glipp av alle desse tre gevinstane.


Ei felles utfordring

Vi som bur i Hareid, Herøy, Ulstein og Sande har ei felles utfordring. Det er at hushalda våre produserer opp mot 20.000 tonn avfall kvart år. Derfor må vi ha gode løysingar for å kvitte oss med det vi kastar. Kvar gong du ser ein av dei grønne bilane våre ute på oppdrag, er det nettopp for å sikre at avfallet i området vårt blir henta inn og behandla på best mogleg måte. I samarbeid med deg, tek vi vare på ressursane.



Andrea Øien Sæverud,
dagleg leiar

Dette kasta vi i Hareid, Herøy, Ulstein og Sande




Visste du at i 2023...

Resirkulerte vi så
mykje papir, papp
og kartong at det
sparte 8918 tre.

Kasta kvar av oss
4,5 kg mindre matavfall
i 2023 enn året før.
Godt jobba!



Sparte vi
jordkloden for
CO2-utslepp tilsvarande
ein biltur nesten 222
gonger rundt jorda
ved å resirkulere
plastemballasjen vår.

Avfall per innbyggjar Avfall målt i kilo




... og slik blei avfallet nytta i 2023

Når vi sorterer det vi kastar, tek vi vare på råvarene og let dei få nytt liv.




Materialgjenvinning

4993 tonn




* Materiale som ikkje teke med i grafen er 5 tonn EPS.

Materialgjenvinning er å gjenvinne avfallet slik at dei ulike materiala kan brukast på nytt. Då reduserer vi behovet for å hente ut nye naturressursar.




Energigjenvinning

2885 tonn




Energigjenvinning er å sende avfallet til eit forbrenningsanlegg der varmen blir nytta til å skape varmt vatn og straum. Samtidig tek ein helse- og miljøskadelege stoff ut av krinsløpet.




Deponi

231 tonn




Deponering av avfall er det som ein før i tida kalla søppelfyllingar. I dag skjer det under forsvarlege og kontrollerte forhold. I Noreg er det ikkje lov til å deponere avfall som kan brytast ned.



Gjenbruk

217 tonn



Gjenbruk er å bruke ting om igjen i staden for å kaste dei. Å arve klede, levere ein vase til bruktbutikken eller å selje den brukte sofaen din vidare, er viktige bidrag for å redusere avfallsmengda.



Få ting er så vakkert som lyset ein vinterdag på Søre Sunnmøre (Flø). Foto: Bjørn Gray

På vegen i all slags vêr

Ole Andreas Sæther og Jon-Arild Vatne trivst godt på vegen som sjåfør og renovatør – men er samde om at vintermånadane kan by på nokre ekstra utfordringar.

Tekst: Nina Sævik

Ole Andreas har vore sjåfør i SSR i 26 år, og synest han har verdas finaste kontor. Noko mange truleg ville sagt seg einige i.

– Det er ingenting som slår denne utsikta, Søre Sunnmøre er vakkert. På vegen får eg ein

følelse av friheit, som er det eg likar best ved denne jobben, seier Ole Andreas.

– Men sidan vi bur her vi bur, har vi veldig mykje utfordrande vêr på vinteren, legg han til.

– Vi har mykje vind og regn, og dei siste åra har vi også hatt ein del is på vegane. Kombinasjonen is og regn er det mest utfordrande føret vi har.

Ingen innstilte ruter

Til tross for utfordrande vêr og føre, så kan ikkje Ole Andreas hugse at det har vore ei einaste innstilt rute i løpet av den tida han har vore sjåfør i SSR.

– Vi prøver alltid å tilpasse oss slik at vi får gjennomført rutene. Det kan vere alt frå å senke

farta til å ta litt andre vegval undervegs, slik at vi kjem trygt fram. Renovatørane strekkjer seg langt for å få tømt dunkane, og går den siste biten viss vi ikkje kjem oss heilt fram med bil. Og sjølv om vi har gode dekk, er av og til kjetting einaste utveg, fortel Ole Andreas.

Sightseeing på lokal basis

Jon-Arild kjenner seg igjen i det Ole Andreas fortel.

– Eg trivst godt med å vere på bilen – eg får frisk luft, møter trivelege innbyggjarar, og får reist litt rundt i det vakre området vårt og sett plassar eg vanlegvis ikkje hadde besøkt. Det er sightseeing på lokal basis, seier Jon-Arild.

– Av og til kan det vere brutalt å vere renovatør.

Jon-Arild Vatne



Det er ikkje lett å tømme ein innesnødd dunk.

– Men av og til kan det vere brutalt å vere renovatør, seier han, og fortel:

– Det er veldig triveleg på fine dagar, men når det er kraftig vind eller generelt dagar der vêret ikkje spelar på lag med oss, kan det vere tøft. Og det er heilt klart tyngst når det er mykje nysnø og det har snødd heile natta. Kjem vi til eit bustadfelt før brøytebilen har vore der, blir kvar einaste dunk ein kamp å flytte på.

– Er det noko innbyggjarane kan gjere for at det skal bli enklare å tømme dunkane?

– Dersom det snør mykje om natta, kan det vere lurt å setje ut dunken om morgonen, og seinast innan kl. 7.30. Og i tilfelle der dunkane er innesnødde, bør dei måkast fram slik at vi klarer å tømme dei, seier han.

– Mange er flinke, medan andre har klart forbedringspotensial. Nokre klassikarar som er verdt å nemne, er at folk set dunkane langt frå vegen, legg veldig tunge steinar på loket eller sikrar dunkane med tau og knyt litt for godt. Då er det betre å bruke ei stropp med krok på, som er lett for oss å ta av.

Og om mogleg, ikkje knyt fast plastemballasjesekken fast i dunkane.

– Det er viktig at SSR informerer om korleis ein skal handtere dunkane – men tenk også gjerne litt over det sjølv. Kva ville du sjølv syntest var tungvintd viss du skulle gjere det 400 gongar om dagen? seier Jon-Arild med eit smil.



Renovatør:
Jon-Arild
Vatne



Sjåfør:
Ole Andreas
Sæther

5 dunke-tips

- Set dunkane nærmast mogleg vegen.
- Set ut dunkane om morgonen dersom det snør, og seinast innan kl. 7.30.
- Om mogleg, måk fram dunkane dersom dei er innesnødde.
- Strø gjerne litt rundt dunkane dersom det er glatt, så klarer vi å gjere jobben vår meir effektivt og trygt.
- Ikkje legg tunge steinar på loket eller knyt dunken fast med tau. Bruk heller ei stropp med krok på.



Andrea Øien Sæverud, dagleg leiar i SSR.

— Mange er rågode og legg sjela si i det

Andrea Øien Sæverud (38), som har vore SSR sin øvste leiar det siste året, er naturleg nok over middels oppteken av kjeldesortering. Kvifor? Jo, fordi vi har berre ein jordklode.

Tekst: Nina Sævik Foto: Monica Jeanette Håndlykken

– Det er ikkje noko vi tenkjer så mykje over i kvardagen, at alt rundt oss er laga av råvarer vi har henta frå naturen. At for eksempel plast kjem frå olje eller at det ofte er gull i elektronikk. Men når vi forsyner oss av naturen på denne måten, skulle det eigentleg berre mangle at vi kjeldesorterer, slik at vi får brukt desse råvarene, eller naturressursane, igjen så mange gongar som mogleg, seier Andrea Øien Sæverud, dagleg leiar i SSR.

– Og det er derfor SSR er her. Vi skal sjølvsagt tilby eit system som gjer at vi unngår at avfall hamnar i naturen, men vår jobb er også å legge til rette for at folk tek det riktige valet i det augeblikket dei kastar noko.

Mange grunnar til å sortere

Den mest opplagde grunnen til å sortere er kanskje at ved å gjenvinne avfall brukar vi mindre av naturressursane, og vi gir dei som allereie er teke ut lenger levetid. Det er krevjande å hente ut råvarer frå naturen, og det fører til store klimagassutslepp. Så ein kan sei at sortering er bra for klimaet.

– Sortering blir ofte sammenlikna med andre klimatiltak, som å la bilen stå og droppe biffen. Gjer du det, kan det ha ein større påverknad på klimagassutsleppet ditt enn viss du sorterar, men sortering er meir enn eit klimatiltak. Sortering handlar om å ta vare på ressursane i avfallet vårt, i det vi uansett skal kaste, og bruke desse fleire gongar.

– Ved å kaste ting på rett plass, tek vi også hand om miljøskadelege stoff slik at dei ikkje gjer skade på natur, dyr og menneske.

– Vi har berre ei jordklode, og den må vi ta vare på så godt vi kan, seier ho.

Barna flinkast

Ifølge Sæverud er det mange på Søre Sunnmøre som er flinke til å sortere. Nokre er til og med rågode og legg sjela si i det, og

blant dei flinkaste finn vi også barna.

– Det er kanskje ikkje så overraskande at vi finn barn blant dei flinkaste sorterarane våre. Eg har sjølv blitt arrestert ved kjøkenbenken av mi eiga dotter, sjølv om eg hadde gode intensjonar. Og det trur eg dei fleste har – gode intensjonar.

– Men kva er folk si største utfordring når det kjem til kjeldesortering?

– Kanskje materialkunnskap. Kjeldesortering er ikkje alltid så enkelt, og spesielt viss ein har kjøpt noko som består av blanda materiale. Men vi har gode hjelpemiddel, som Sortere-appen, og sorteringsmerker som vi oppfordrar folk til å sjå etter. Heldigvis blir produsentane stadig flinkare til å merke produkta sine med desse. Elles kan ein ta kontakt med oss i SSR om ein er i tvil, og vi jobbar også med ny nettside som vi håpar kan bidra til at det blir enklare for folk å sortere, seier Sæverud.

– Eg har sjølv blitt arrestert ved kjøkenbenken av mi eiga dotter.

Kjøp mindre

Hadde vi hatt mindre avfall, hadde det naturleg nok vore ein mindre sorteringsjobb. Men i lang tid har det vore for billig og enkelt å kjøpe nytt i staden for å reparere det gamle. Noko som gjer at ein stadig kastar brukbare gjenstandar.

– Eg har forståing for at folk vel å kjøpe ei ny oppvaskmaskin når det kostar nesten like mykje å reparere den gamle. Men det er ikkje riktig at det er slik, det burde vere mykje billigare å fikse det gamle. Og sjølv om

avfallsmengda har gått litt ned lokalt dei siste åra – som er veldig positivt – så kastar vi framleis ekstremt mykje avfall. Vi hadde alle gjort ei god gjerning for framtidige generasjonar om vi kjøpte og dermed kasta mindre. Ein kan eigentleg ikkje få sagt det nok, seier Sæverud.

Strengare krav

Avfallsbransjen har hatt ei stor utvikling dei siste åra, noko som også har ført til strengare krav til sortering av avfall.

– Bransjen står aldri stille, og vi får stadig nye reglar å forhalde oss til. Det er jo bra, sidan det handlar om korleis vi kan forvalte fellesressursane på ein stadig betre måte, men det gjer også at innbyggjarane må vere open for eventuelle endringar. Vi ønskjer ikkje å lage eit vanskeleg system, men det er rett og slett reglar som vi må forhalde oss til. Og det vil nok koste både oss, og dermed innbyggjarane, dyrt, dersom vi ikkje følgjer dei.

– Til sjuande og sist håpar og trur eg at dei fleste er takk-nemlege for at det finst gode ordningar som gjer at dei slepp å bekymre seg for kva som skjer med avfallet deira i det daglege, seier Sæverud.

Fikseverkstad og datovaflar

Sæverud har mange tankar om framtida, men ein ting ho nemner som kunne vere fint å få til på sikt er ein fikseverkstad.

– Eg drøymmer om ein fikseverkstad der skuleklasser eller skuleleie ungdommar får utfalde seg, kanskje i samarbeid med frivillige organisasjonar eller pensjonistar. Dei kunne fiksa materiale og møblar som elles hadde blitt kasta, og selt eller gitt det vekk. Og vi kunne hatt ein liten kafé som selde kaffi og datovaflar. Gjenbruk og berekraft på sitt beste, avsluttar ho med eit smil.



Ny eigar – nytt liv

Ein kan finne mange skattar på gjenbrukstorget på miljøstasjonane våre, og vi legg titt og ofte ut bilde på Facebook dersom vi kjem over nokre funn. Ein av skattane som fekk mykje merksemd i 2023 var ein gamal, men framleis vakker brudekjole. Vi ville gjerne at den skulle gå vidare til nokon som kunne gi den eit nytt liv! Og det tok ikkje lang tid før brudekjolen, med nydelege blonder, og i størrelse sylsmal, fekk ein ny eigar, ei som skulle stå brud året etter.

Vår eigen Ida i SSR stilte sporty opp som modell i vinterkulda – vi har høyrte at ullgensar under kjolen er siste nytt innan brudemote.

Kva er berekraft?

Ein vårveld i april inviterte Hareid folkebibliotek til føredrag, mat og til slutt sofaprat, leia av vår eigen Andrea Øien Sæverud. Temaet var noko mange pratar om: Berekraft. Men kva er det – og korleis går ein eigentleg frå prat til praksis?

Fleire spennande innlegg stod på agendaen:

Hanne M. Hamre, Framtida i våre hender: Frå prat til praksis, kva kan eg og du gjere? Øystein Solevåg, Miljøselskapet ÅRIM: Sirkulærøkonomi – vi må vekk frå bruk og kast. Kishore Gajendra, Høgskulen i Volda: “Made in India” – men kven betaler prisen?

Etterpå deltok føredragshaldarane i sofaprat saman med Sæverud.

– Det var mykje god respons på arrangementet, og det var veldig kjekt å vere med. SSR stilte med eit pop-up-gjenbrukstorg som var populært, allereie same dag måtte vi etterfylle med ting, melder Sæverud.



Vi vann, vi vann!

Returkartonglotteriet er eit lettvinnt lotteri å delta i – alt du treng å gjere er å skylje og brette ein drikkekartong, og skrive namn og telefonnummer på. Då er du med i trekninga om å vinne ein god slant med pengar. Det fekk syskenparet Aimee (10) og Joshua (12) frå Fosnavåg og Monica (49) frå Moltu erfare i 2023, med kvar sin premie på 10 000 kroner.

– Tusjen har fast plass, og så prøvar eg å skrive namna deira på annankvar gong. Vi har ein avtale om at dei skulle dele på ein eventuell premie, sa pappa Steinar Eggesbø Hagen, då han fekk den gledelege telefonen om at Aimee og Joshua hadde vunne. På ønskelista stod både katt, PC og rideutstyr.

Har du også mykje på ønskelista, kan det vere ein god idé og innføre den same skylje-brette-skrive-vanen som familien frå Fosnavåg.

Vinnarsjansane i Retur-kartonglotteriet er nemleg forholdsvis store – for når SSR skal leite etter kartongar i papirhaugen, må vi ofte leite lenge for å finne ein som er merka med namn og telefonnummer. **Tvi-tvi!**

Grønt Punkt Norge
trekker kvart år ut 124 vinnarar over heile landet som deler ein pott på 1,6 millionar.

Dei deler ut 120 premiar på 10.000 kroner og 4 premiar på 100.000 kroner.





Foto: Andrea Øien Sæverud

Ingen kan gjere **alt**, men alle kan gjere **litt**

Forsøpling i strandkanten er ei stor utfordring, og vi som lever her ute på øyane, ved og av havet, ser utfordringa med eigne auge kvar dag.

Heldigvis er det mange som ønskjer å bidra med strandrydding slik at vi tek vare på den vakre naturen rundt oss.

Sjølv om talet på kilo som er rydda av frivillige har gått nedover dei siste åra, vel vi å sjå på det som ein positiv trend.

Forhåpentlegvis er det fordi vi har fått profesjonelle strandryddarar blant oss dei siste åra, som Fallgard i Herøy. I 2023 har profesjonelle nemleg rydda heile 32 615 kg her på Søre Sunnmøre, medan frivillige strandryddarar har rydda 9 050 kg.

Takk til alle som bidrar – profesjonelt eller frivillig. Når du er med og ryddar opp det som ikkje høyrer heime i naturen vår, gjer du ein kjempeviktig innsats både for fuglar, fisk og fellesskapet.

Får pengar for å rydde!

I 2023 kunne lag og organisasjonar søke om å få 7 500 kroner i motivasjonsmidlar ved å arrangere ein ryddeaksjon i nær-miljøet.

Sunnmøre Friluftsråd hadde søkt om og fått midlar frå Handelens miljøfond, og SSR og Runde miljøsenter stod som samarbeidspartnarar for prosjektet i kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. For å søke om pengar, måtte ein vere registrert som organisasjon/lag, høyre heime i ein av dei 14 medlemskommunane til Sunnmøre Friluftsråd og arrangere ein strandryddeaksjon før utgangen av året. I etterkant skulle aksjonen registrerast i ryddenorge.no, og ein måtte avgi ein kort rapport med blant anna mengde avfall, tidsbruk, tal på deltakarar og kvar det blei rydda.

I kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein stilte SSR med ryddeutstyr og henta avfallet når aksjonen var over.



Foto: Andrea Øien Sæverud

Takk! ♥

Ein heilt vanleg, men snøtung marsdag dukka det plutseleg opp ein knurva, men koseleg papirlapp på ruta vår. Ein kan bli rørt av mindre – tusen takk til Jakob og Elias som verkeleg lyste opp dagen vår med fine ord (og litt godt å bite i)! Det skal ikkje alltid så mykje til, men du verda kor mykje det betyr å bli sett pris på.



Saman tek vi vare på ressursane

RESULTAT

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	Normalt beløp 2023	Budsjett 2023	Normalt beløp 2022
Salsinntekt		68 787 253,00	68352000,00	63855563,00
Anna driftsinntekt		247 570,00	151000,00	199097,00
Sum driftsinntekter		69 034 823,00	68503000,00	64054660,00
Varekostnad		14 069 897,00	14 844 000,00	16 811 851,00
Lønskostnad	2, 3	27 738 716,00	28 961 000,00	25 297 226,00
Avskrivning	4	5 250 175,00	5 426 000,00	5 384 820,00
Nedskrivning	4	150 702,00	-	-
Annan driftskostnad	2, 5	18 446 222,00	16 856 000,00	19 316 550,00
Sum driftskostnader		65 655 712,00	66 087 000,00	66 810 447,00
Driftsresultat		3 379 111,00	2 416 000,00	-2 755 787,00
Finansinntekter og finanskostnader				
Anna renteinntekt		440 732,00	387 000,00	340 268,00
Anna finansinntekt		-	-	3 450,00
Anna rentekostnad		4 313 016,00	3 831 000,00	2 330 580,00
Annan finanskostnad		2 011,00	-	736,00
Resultat av finanspostar		-3 874 295,00	-3 444 000,00	-1 987 599,00
Ordinært resultat før skattekostnad		-495 184,00	-1 028 000,00	-4 743 386,00
Skattekostnad på ordinært resultat	6	201 407,00	-	-
Årsresultat	7	-696 591,00	-1 028 000,00	-4 743 386,00
Overføring				
Avsett til/frå sjølvkostfond		-3 213 000,00	-	-5 583 000,00
Avsett til annan egenkapital		2 516 409,00	-	839 614,00
Sum overføringer		-696 591,00	-	-4 743 386,00

BALANSE

EIGEDELAR	Note	2023	2022
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	4, 8	88 745 407,00	91 176 582,00
Maskinar og anlegg	4, 8	13 554 829,00	13 628 212,00
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	4, 8	991 995,00	1 613 987,00
Sum varige driftsmiddel		103 292 231,00	106 418 782,00
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar	3	903 452,00	833 406,00
Sum finansielle anleggsmiddel		903 452,00	833 406,00
Sum anleggsmiddel		104 195 683,00	107 252 188,00
Omløpsmiddel			
Varer		246 600,00	-
Sum varer		246 600,00	-
Krav			
Kundekrav		4 610 665,00	4 222 087,00
Andre kortsiktige krav		1 277 572,00	1 380 581,00
Sjølvkostfond	9	2 810 000,00	-
Sum krav		8 698 237,00	5 602 668,00
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	928 938,00	954 885,00
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		928 938,00	954 885,00
Sum omløpsmiddel		9 873 775,00	6 557 552,00
Sum eigedelar		114 069 458,00	113 809 740,00

BALANSE

EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		12 097 219,00	9 580 810,00
Sum opptent eigenkapital		12 097 219,00	9 580 810,00
Sum eigenkapital	7	12 097 219,00	9 580 810,00
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Andre avsetjingar for plikter	12	187 356,00	142 943,00
Sum avsetjing for plikter		187 356,00	142 943,00
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8, 13	90 590 940,00	94 514 740,00
Sum anna langsiktig gjeld		90 590 940,00	94 514 740,00
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		2 943,00	456 391,00
Leverandørgjeld		4 688 493,00	2 836 784,00
Betalbar skatt	6	201 407,00	-
Skyldige offentlege avgifter		1 769 321,00	1 826 695,00
Sjølvkostfond	9	167 000,00	570 000,00
Anna kortsiktig gjeld	9	4 364 779,00	3 881 378,00
Sum kortsiktig gjeld		11 193 943,00	9 571 248,00
Sum gjeld		101 972 239,00	104 228 931,00
Sum eigenkapital og gjeld		114 069 458,00	113 809 740,00

Balanse

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS
Ulsteinvik
Styret i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

George Fullford styreleiar	Camilla Lovise Storøy nestleiar	Margareth Leinebø styremedlem	Anne Holstad styremedlem
Mathias B. Gjerde styremedlem	Kjartan Leidulf Grimstad styremedlem	Bjarte Uglum styremedlem	Andrea Øien Sæverud dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen handskriven signatur.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING 2023

EIGEDLAR	2023	2022
Kontantstraum fra operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	-495 184,00	-4 743 386,00
Ordinære avskrivingar	5 250 175,00	5 384 820,00
Nedskrivning anleggsmiddel	150 702,00	-
Endring i varelager	-246 600,00	-
Endring kundefordringar	-388 578,00	-1 860 654,00
Endring leverandørgjeld	1 851 709,00	-238 232,00
Endring i andre tidsavgrensningspostar	573 446,00	-148 512,00
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktivitetar	6 695 671,00	-1 605 964,00
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	2 274 323,00	2 945 504,00
Utbetaling ved kjøp av aksjar og partar i andre føretak	70 046,00	61 084,00
Netto kontantstraum fra investeringsaktivitetar	-2 344 369,00	-3 006 588,00
Kontantstraummar fra finansieringsaktivitetar		
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	3 923 800,00	3 923 800,00
Netto endring i kassekreditt	-453 448,00	456 391,00
Netto kontantstraum fra finansieringsaktivitetar	-4 377 248,00	-3 467 409,00
Netto endring i kontantar og kontantekv.	-25 946,00	-8 079 961,00
Beholdning av kontantar og kontantekv. pr. 1.1.	954 885,00	9 034 846,00
Beholdning av kontantar og kontantekv. pr. 31.12	928 938,00	954 885,00

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapsskikk for små føretak.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnadar som har påvirka resultatrekneskapen og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Salsinntekt

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsførast i takt med utføringa. Lovpålagte tenester med årlig gebyr, der selskapet fakturer gebyret direkte til abonnentane, blir inntektsført i perioden det er fakturert.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmiddel omfatter eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over driftsmiddelet si økonomiske levetid. Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar

postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet, samt postar som er knytt til varekretslaupet. Omløpsmiddel vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel nedskrivast til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstraumar knytta til eigedelen. Nedskrivninga reverserast når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Varer

Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi.

Krav

Kundekrav og andre krav oppførast til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å krevje inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

Pensjonsforpliktning

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte. Fra og med 2014 er det valgt å ikkje balanseføre nettopensjonsforplikting. Innbetalingar til ytelsesbasert pensjonsordning kostnadsførast løpande.

Skatt

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapen omfattar betalbar skatt i perioden. Driftsmidla si fordeling er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av variasjon i bruk er det valgt å ikkje bokføre utsatt skatt/skattefordel i rekneskapet då denne lar seg vanskeleg berekne.

Sjølvkostfond

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og Regionaldepartementet, kan over- eller underskot framførast innanfor eit 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnader. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Kontanstraumoppstilling

Kontantstraumoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar bankinnskot.

NOTE 2 FORTS. LØNSKOSTNADAR, ANTALL ÅRSVERK, GODTGJERSLE M.M.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova. Sjå elles note 3.

Dagleg leiar har vore konstituert frå 02.03.2023 og fast tilsett frå 14.08.2023.

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR

Selskapet pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Del av egenkapitaltilskotet som er innbetalt av selskapet utgjør pr 31.12.2023 kr 903 452.

Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjør ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentleg AFP-ordning for dei ansatte.

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR FORTS.

	2023	2022
Netto pensjonskostnad	3 211 047	2 249 323
Spesifikasjon av pensjonsforpliktingar		
Utrekna pensjonsforpliktingar per 31.12.	45 099 134	38 993 908
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) per 31.12	-38 003 672	-33 327 636
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-3 032 441	-673 865
Arbeidsgiveravgift	1 000 460	798 944
Netto pensjonsforpliktingar (ikkje balanseført)	5 063 481	5 791 351

De aktuarmessige føresetnadane er basert på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

NOTE 4 ANLEGGNOTE

	Tomter, bygningar m.m.	Maskiner, anlegg, bilar, m.m.	Driftsløsøre, inventar, kontorm.	Sum
Anskaffingskostnad pr. 1.1	117 242 588	34 526 718	16 260 295	168 029 601
Tilgang kjøpte driftmidlar	0	2 078 093	196 230	2 274 323
Avgang driftsmidlar	0	0	0	0
Anskaffingskostnad pr. 31.12	117 242 588	36 604 811	16 456 525	170 303 924
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12	26 991 232	21 808 186	13 546 180	62 345 598
Akkumulerte nedskrivningar pr. 31.12	1 505 949	1 241 796	1 918 350	4 666 095
Bokført verdi pr. 31.12.	88 745 407	13 554 829	991 995	103 292 231
Avskrivningar i år	2 431 176	2 000 776	818 223	5 250 175
Nedskrivningar i år	0	150 702	0	150 702
Økonomisk levetid	0-50 år	3-10 år	5-10 år	

NOTE 5 LEASING

Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmiddel.

	2023	2022
Årets leige	2 577 761	3 041 502
Sum	2 577 761	3 041 502

Det er ikkje balanseført leasingforplikting for nokon av leigeobjekta.

Framtidig minimumsleige knytt til ikkje kansellerbare leigeavtalar forfell som fylgjer	
Innen ett år	1 839 730
Ett til fem år	4 263 710
Etter fem år	2 055 339
Sum framtidig minimumsleige	8 158 779

NOTE 7 EIGENKAPITAL

	Annan egenkapital	Sum egenkapital
Eigenkapital 01.01.23	9 580 810	9 580 810
Årets resultat	2 516 409	2 516 409
Eigenkapital 31.12.23	12 097 219	12 097 219

NOTE 8 GJELD

Type	2023	2022
Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år		
Gjeld til kredittinstitusjonar	74 883 740	77 373 340
Sum	74 883 740	77 373 340
Årets endring		
Langsiktig finansiering 01.01.	94 514 740	89 438 540
Opptak nye langsiktige lån	0	9 000 000
Betalte avdrag i år	-3 926 800	-3 923 800
Langsiktig finansiering pr 31.12	90 590 940	94 514 740

NOTE 6 SKATT

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytta til næringskundar.

Selskapet har ingen mellombelse skilnader pr 31.12.2023.

Nedanfor er det gitt spesifikasjon over skilnader mellom rekneskapmessig resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

Utrekning av skattegrunnlaget i år:	2023	2022
Skattemessig underskot til framføring	0	919 019
Skattepliktig inntekt	0	919 019
Resultat før skattekostnad for næringsverksemd	1 920 684	-498 916
Permanente skilnader	-86 178	-323 782
Bruk av underskot til framføring	-919 019	0
Skattepliktig inntekt	915 487	-822 698
Betalbar skatt	201 407	0
Utsett skattefordel (22%)	0	202 184
Sum skattekostnad	0	0

Utsett skattefordel er ikkje balanseført i samsvar med God Rekneskapsskikk for små føretak.

NOTE 9 SJØLVKOSTFOND OG MELLOMREKNING MOT EIGARANE

Sjølvkostfondet pr 31.12.2023 er negativt med kr -2 643 000. Ved berekning av sjølvkostfondet er inntekter og kostnader i reknekapet fordelt mellom hushaldning og næring, og gjenspeilar aktiviteten mellom dei to verksemdsområda.

	Sjølvkostfond slam	Sjølvkostfond hush.avfall	Sjølvkostfond totalt
Sjølvkostfond 01.01.	178 000	392 000	570 000
Årets resultat over- ført til sjølvkostfond	-11 000	-3 202 000	-3 213 000
Sjølvkostfond 31.12.	167 000	-2 810 000	-2 643 000

Slamhandsaming vert utført på vegne av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvkostområde i kvar av kommunane. Årets over-/underinndekking er difor overført til fordring / gjeld mot Herøy og Sande og utgjer 31.12.2023 kr 251 097 (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig fordring. Fra og med 01.01.2017 har SSR ansvar for sjølvkostfond for denne tenesta i Ulstein og Hareid.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnader.

NOTE 10 BANKINNSKOT

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 921 279.

NOTE 11 INNSKOTSKAPITAL OG EIGARINFORMASJON

Selskapets eigarfordeling ut frå Selskapsavtala pr. 31.12.16:

Deltakar	Folketal	Eigarandel	Antal i rep.skap	Stemme- andel
Herøy kommune	8 972	35,67%	4	36 %
Ulstein kommune	8 430	33,52%	3	27 %
Hareid kommune	5 189	20,63%	2	18 %
Sande kommune	2 559	10,17%	2	18%
Totalt	25 150	100,00 %	11	100 %

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ. Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital.

I følge selskapsavtala § 4 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

NOTE 12 AVSETNING FOR FRAMTIDIGE FORPLIKTINGAR FOR DEPONI PÅ EIDET

Selskapet har i henhold til ”Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15”, forpliktingar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forpliktingar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Etterdriftsansvaret omfattar ei periode på 30 år rekna frå tidspunktet for avvikling av deponering i deponiet. Dette vart avvikla i 2009, og etterdriftsansvaret og kontroll med deponiet varer difor til sommaren 2039, eller til 2045 dersom ein tar utgangspunkt i Fylkesmannen si godkjenning av avslutningsplanen i 2015. Det vil alltid vere usikkerheit knytta til omfanget av kostnader til kontroll og ansvaret elles for deponiet så langt fram i tid. Avsett beløp og framtidige inntekter på deponiområdet gir uttrykk for leiinga sitt beste estimat på tidspunktet for avlegging av årsrekneskapet for 2023.

Inntektene frå aktivitetane med å stå for påsleppspunkt for rejectvatn frå slamtøminga i Ulstein og Hareid og handtering av grein- og hageavfall for Ulstein og Hareid, saman med tidlegare avsetning, har vore kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet.

	2023	2022
Avsetning frå tidlegare år	142 943	196 968
Medgåtte kostnader i året	-45 587	-144 025
Auka avsetning i året	90 000	90 000
Avsetning 31.12.	187 356	142 943

NOTE 13 GARANTJAR

I samsvar med selskapsavtala er deltakarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.



BDO AS
Nesevegen 3
Postboks 93
6067 Ulsteinvik

Melding frå uavhengig revisor

Til representantskapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

Årsrekneskapen er samansett av:	Etter vår meining:
- Balanse per 31. desember 2023 - Resultatrekneskap for 2023 - Kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per 31. desember 2023 - Notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.	- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og - Gjev årsrekneskapen eit rettvisebilde av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2023 og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmelding/eigarmelding. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er óg ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

Penneo Dokumentnøkkel: TUW8U-1EIQL-GUYCG-1SHLT-2T5VZ-0C00I



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Andre tilhøve

Budsjettala for 2023 som er presenterte i resultatrekneskapen er ikkje reviderte.

BDO AS

Einar Giljarhus Løkken
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

Penneo Dokumentnøkkel: TUW8U-1EIQL-GUYCG-1SHLT-2T5VZ-0C00I

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2023

Selskapet sine styringsdokument slår fast at styret skal utarbeide ei eigarmelding. Årsmeldinga omfattar difor også ei eigarmelding, sidan begge meldingane inneheld mykje av den same informasjonen.

1. STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2023 hatt desse medlemmene:

George Fulford, styreleiar
Camilla Lovise Storøy, nestleiar
Margareth Leinebø, styremedlem
Anne Holstad, styremedlem
Arnljot Muren, styremedlem (fram til og med mai)
Mathias B. Gjerde, styremedlem (frå og med juni)
Kjartan Leidulf Grimstad, styremedlem
Bjarte Uglum, styremedlem, vald av og blant dei tilsette

Det har vore 6 styremøte og 45 saker er behandla i 2023. I tillegg har det vore ei strategisamling på Runde miljøsender og eit infomøte i Saunesmarka med både styret og nyvalde medlemmer til representantskapet i etterkant av kommunevalet. I tillegg har det vore tett kontakt mellom styret og administrasjonen gjennom året.

2. REPRESENTANTSKAP

Representantskapet inneheld politisk valde representantar frå kvar av dei fire eigarkommunane. Knut Erik Engh var leiar av representantskapet fram til møtet i november. Deretter tok Karl Oskar Sævik over vervet. Det har vore to møte i representantskapet i 2023. Selskapet har, utover formelle møte, jamn og god kontakt med eigarane.

3. OPPSUMMERING OG KORT OM VERKSEMDA I 2023

Selskapet har ansvaret for innsamling og behandling av hushaldsavfall frå innbyggjarane i kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

I dei fire eigarkommunane er det 25 589 innbyggjarar, rundt 11 000 husstandar, tre miljøstasjonar, ein greinplass og 39 returpunkt for emballasje av glas- og metall. Kjerneverksemda til selskapet er å gi eit renovasjonstilbod til husstandane.

Ansvaret for renovasjon omfattar innsamling, sortering, omlasting, transport og avsetnad av hushaldsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar. Målet er mest mogleg materialgjenvinning av det innsamla avfallet. Denne delen av verksemda blir gjennomført til sjølvkost. Overskot eller underskot på hushaldsdelen skal først mot sjølvkostfondet.

Tilbodet til selskapet omfattar også innsamling, transport og avsetnad av næringsavfall i avgrensa omfang. Denne tenesta er med på å styrke verksemda til selskapet og medverkar til at selskapet når dei strategiske måla. Dette medfører lågare renovasjonsgebyr for innbyggjarane, ikkje minst på grunn av meir effektiv bruk av driftsmidlane til selskapet. Omfanget av næringskundar omfattar, etter styret si vurdering, ingen økonomisk risiko av betydning. Rekneskapsføring knytt til næringskundar blir halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapen for hushaldskundar.

På vegner av eigarkommunane administrerer selskapet slamordninga og utforminga av tilbod til utførande entreprenør. Selskapet har ansvaret for å følgje opp at oppdraget blir utført etter kontrakt. Konkrete saker blir drøfta i eit eige fora der kvar kommune har sin slamkontakt. For Ulstein og Hareid fakturerer selskapet direkte også eigarar av private slamtankar, ikkje berre dei offentlege. Herøy og Sande har eigne sjølvkostfond for slam, og fakturerer sjølv dei private hushalda.

Arnstein Myklebust var dagleg leiar i selskapet fram til 2. mars 2023, då blei Andrea Øien Sæverud konstituert som dagleg leiar. 14. august 2023 blei Sæverud formelt tilsett som ny dagleg leiar.

Rekneskapen for 2023 viser eit årsresultat som er dårlegare enn budsjettert på hushaldsrenovasjon, medan det er vesentleg betre på næringsdelen. Sjå vidare utdjuping i kapittel 9.

4. EIGARFORHOLD, SELSKAPSFORM OG FORMÅL

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande. Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytt til hushaldsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. SSR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegner av eigarkommunane. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonalt og internasjonalt regelverk som omfattar ein del rammevilkår som selskapet i lita grad kan påverke. SSR har kontorbygg og hovudanlegg i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall i alle dei fire eigarkommunane.

Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv tenestelevering innan miljø og avfall og utføre dei lovpålagde oppgåvene. Selskapet skal heile tida arbeide for å levere best mogleg både når det gjeld miljøkrav, tenestenivå til innbyggjarane og kostnadseffektivitet.

Dei strategiske måla til selskapet er:

- Selskapet skal stå for innsamling, mottak, sortering, omlasting, transport og gjenvinning av avfall frå hushalda på ein mest mogleg miljøvenleg måte.
- Selskapet skal forvalte enkle, brukarvennlege, rettferdige og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane
- Selskapet skal jobbe for å realisere nasjonale miljømål og eigarane sine lokale miljømål og klimaplanar.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon er ein tydeleg og framtidsretta haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunane.
- Andre strategiske mål går på det store samfunnsansvaret selskapet har i den grunnleggande velferdsproduksjonen i landet, god økonomistyring, satsing på digitalisering og utvikling av organisasjonen.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Gjennom selskapet sin kommunikasjon, med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan, skal vi i tillegg til dagleg drift formidle kunnskap om kjeldesortering og avfall som råvare og ressurs. Dette er avgjerande for å oppnå forståing for og gjennomføring av dei nasjonale og internasjonale måla om mest mogleg materialgjenvinning.

5. ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Selskapet sysselsette i 2023 ca. 41 årsverk. Dette er fordelt på 35 fast tilsette på heiltid og rundt 14 andre stillingar (til saman 6 årsverk). Desse 14 stillingane inkluderer dei som ikkje jobbar heiltid, ferievikarar og vikarar for å dekke opp for ferie, sjukdom og anna fråver. I tillegg kjem dei som periodevis er her på arbeidsmarknadstiltak i regi av NAV, Furene og flyktningkontora.

SSR har i 2023 kjøpt bedriftshelsetenester hos Medi 3. Desse er, ved behov, involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde / verneombod, i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Totalt sjukefråver utgjør 11,4 % (11,5 % i 2022). 1,8 % (2,5 % i 2022) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret er på 9,5 % (8,9 % i 2022). Det blei i 2023 sett i verk tiltak som styret forventar skal medføre eit lågare sjukefråver. Frå og med 2024 vil det også bli oppretta eit eige arbeidsmiljøutval der lågare sjukefråver vil bli eitt av HMS-måla ein skal jobbe mot. SSR har i 2023 ikkje hatt alvorlege personskadar knytt til verksemda. Vi har hatt to hendingar med mindre personskader blant renovatørane.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av medarbeidarane i selskapet. I 2023 starta fire tilsette på eit etterutdanningsløp i gjenvinningsfaget i regi av AOF. Dette er ein del av staten sitt kompetanseløft i gjenvinningsfaget og derfor eit kostnadsfritt studietilbod for verksemda og dei tilsette.

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2023

Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det blir praktisert lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine sju medlemmer er tre kvinner. Av selskapet sine åtte tilsette i administrasjonen, er fem kvinner. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt i drifta, men også her har ein sett ei utvikling siste åra. Ved årsskiftet hadde vi fire kvinnelege tilsette i drifta.

Styret legg stor vekt på at arbeidsmiljøet og samarbeidet i selskapet skal vere godt. I 2023 har ein fått teke opp igjen allmøte og sosiale samlingspunkt etter koronatida, noko som har vore positivt. Desse små og store møteplassane er med på å forsterke kjensla av ein felles arbeidsplass på tvers av avdelingar.

6. MILJØRAPPORTERING

Den daglege verksemda skjer ved ordinær kontorverksemd, arbeid på miljøstasjonar og industriområde og transportverksemd. Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljøet.

Selskapet har sjølv ansvaret for innsamling av avfall. Det er eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Ved utøving av verksemda blir det stilt krav til gode og rasjonelle transportløyisingar, der lågt drivstoff-forbruk, redusert støy og minimale utslepp blir vektlagt.

Sluttbehandling av innsamla avfall skjer etter konkurranse i marknaden. Her blir det lagt særleg vekt på kortreiste og miljøvenlege løysingar, i tillegg til mest mogleg materialgjenvinning.

SSR har utarbeidd ein eigen klimarekneskap for 2023. Her reknar ein om både positiv og negativ miljøpåverknad til CO2-ekvivalentar. Verksemda i selskapet bidreg positivt til reduserte utslepp gjennom utnytting av ressursane i avfallet.

Styret prioriterer aktivt å realisere miljømål som eigarar og nasjonalt og internasjonalt regelverk set for selskapet. Dette skjer mellom anna ved å vidareutvikle kjeldesorteringsordninga, der stadig

fleire fraksjonar blir sorterte ut for å gå til materialgjenvinning.

7. KUNDETILFREDSHEIT

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvenleg, slik at det skal vere enklast mogleg for innbyggjarane å kjeldesortere og ta miljøvenlege val. Kundeundersøkinga for 2023 gav det høgaste resultatet på tilfredsheit blant innbyggjarane i selskapet si historie. Selskapet meiner likevel at det framleis er eit potensial for endå betre sortering, og jobbar jamt både med informasjonskampanjar og haldningsskapande arbeid.

Å få fram kva avfallet blir til og den store miljøgevinsten ved gjenvinning, er noko selskapet skal kommunisere ut til innbyggjarane i fleire kanalar og flater. Det er avgjerande for motivasjonen til kundane at dei kjenner til heile gjenvinningsprosessen og at dei bidreg til ein stor miljødugnad ved å kjeldesortere. Det skaper også meir forståing for oppdraget, retningslinjene og arbeidet til selskapet.

8. SAMFUNNSANSVAR

Selskapet opptrer ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, arbeidstakarrettar, etikk, innkjøp og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

Selskapet legg vekt på å bruke leverandørar som kan vise til berekraftige løysingar. Arbeidet med dette vil framover bli forsterka og formalisert gjennom dei nye miljøkrava til offentlege innkjøp.

Mange av leverandørane til selskapet, er selskap som er omfatta av openheitslova. SSR vil arbeide etter intensjonane i openheitslova, sjølv om selskapet førebels ikkje er omfatta av den.

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2023

Selskapet har internkontrollsystem som skal søke å førebygge korrupsjon og misleghald, og leiarar skal gå føre og varsle om kritikkverdige tilhøve. Selskapet har utarbeidd etiske retningslinjer.

9. ØKONOMI

Renovasjonstenestene som SSR utfører, blir for hushalda i hovudsak finansiert gjennom renovasjonsgebyr. Det blir ført eit eige sjølvkostrekneskap og sjølvkostfond for innbyggjarane i eigarkommunane.

Driftsinntektene for 2023 var på kr. 69.035.000. Dette er ein auke frå 2022 på i underkant av kr.5.000.000 som fordeler seg med ca kr. 1.400.000 på næring, ca kr. 2.700.000 på hushald og ca kr. 700.000 på slam. Inntektene inkluderer renovasjon for hushald og næring i tillegg til slam.

Inntekta på hushald var kr. 46.342.000, kr. 18.265.000 på næring og kr.4.516.000 på slam.

Driftsinntektene for hushaldsverksemda er ca. kr. 1.500.000 lågare enn budsjett. Det kjem primært av lågare salsinntekter på fraksjonar enn budsjett. Underskotet for hushalda som først mot sjølvkostfondet, er på kr. 3.213.000 mot budsjett kr. 2.224.000. Ved inngangen av 2023 var sjølvkostfondet på kr 570.000 fordelt med kr. 392.000 på hushaldsrenovasjon og kr. 178.000 på slamkundar i Ulstein og Hareid. Underskotet for 2023 fordeler seg med kr. 3.202.000 på hushaldsrenovasjon og kr. 11.000 på slamkundane. Dette gjev eit negativt sjølvkostfond for hushald på kr. 2.810.000 og eit positivt sjølvkostfond for slamkundar på kr. 167.000 ved årsslutt. Budsjettet for 2024 viser at inntektene er tilsvarande kostnadene for denne verksemda.

Rekneskapen for 2023 syner eit underskotet på ca. kr. 700.000,- etter skatt. Dette er likevel ei betring frå 2022 og om lag kr. 300 000 betre enn budsjett. Driftsresultatet er på ca kr. 3.400.000 i overskot, medan netto kostnad av finanspostane er på ca kr. 3.900 000. Dette gjev dermed eit underskot for selskapet totalt.

Netto finanskostnader i 2022 var til samanlikning på ca kr 2.000 000, altså omtrent dobla finanskostnadene seg frå 2022 til 2023. I budsjettet var det teke høgde for finanskostnader på ca. kr. 3.400 000, ein halv million lågare enn resultatet. Skattekostnaden for næringsdelen utgjør ca kr 200.000.

Næringsdelen bidreg til eit overskot på ca kr. 1.900.000 etter finanskostnad på ca. 1.000.000. Det er særleg sal av avfallsfraksjonar og tenester som bidreg til auka omsetning. Innhentingstenester på næring har gått noko ned. Overskotet etter skatt og avskrivning vart på kr. 2.516.409. Dette vart overført til eigenkapitalen som ved årsslutt er på kr. 12.097.219.

10. FRAMTIDSUTSIKTER OG PLANLAGDE ENDRINGAR

Strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventingar. I denne planen er nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å synleggjere krav til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit, miljø og berekraft.

I 2024 skal strategiplanen rullerast, og selskapet ønskjer då å vidare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan berekraft. Ei vidare satsing på samarbeid med eigarkommunane vil vere avgjerande her. I den nye strategiplanen vil det bli lagt auka vekt på berekraft, både når det gjeld miljø, selskapsstyring og sosiale forhold.

Vi skal sette oss konkrete mål som tek oss vidare i arbeidet med å skape eit meir berekraftig lokalsamfunn.

Å arbeide for meir materialgjenvinning i samarbeid med innbyggjarane våre, vil framover vere det viktigaste vi gjer. Utviklinga vil samtidig omfatte nye krav til sortering for fritidsbustadar, digitalisering, meir informasjon og kommunikasjon internt og eksternt, auka satsing på gjenbruk og lokale, sirkulære verdikjeder og å vere ein god støttespelar for eigarkommunar og innbyggjarar når det gjeld forsøpling lokalt.

Utfordringar med nye kvalitetskrav i nedstraumsløysingar vil vere eit viktig arbeidsområde i tida framover. Det blir kravd stadig høgare kvalitet på råvarene vi leverer frå oss for at dei skal vere eigna til gjenvinning. Vi skal legge til rette for at abonnentane får gjort ein god sorteringsjobb i heimen, der målet er minst mogeleg restavfall. Verksemda må i aukande grad gjere ein større jobb med sortering, tilrettelegging og pakking av dei avfallsfraksjonane vi sender frå oss, noko som både er kostnadsdrivande og krev større areal. Å halde fram med å jobbe for høg kvalitet på råvarene i samarbeid med innbyggjarane, i tillegg til lokalt og regionalt samarbeid, vil kunne løyse ein del av desse utfordringane.

11. ARBEIDSÅRET 2023

Selskapet er ein del av ein bransje som blir stadig viktigare, i ei verd der ein må snakke meir og meir om bruk (og kast) av avgrensa naturressursar. Selskapet er i den posisjonen at vi får vere eit viktig verktøy for eigarkommunane og innbyggjarane våre på vegen mot eit meir berekraftig samfunn.

Styret vil rette ei stor takk til medarbeidarane i selskapet. Det skal vere meningsfylt å jobbe i SSR og arbeidet vi gjer skal kvar dag skape verdi for våre eigne tilsette, eigarkommunane og lokalsamfunnet.

Ulsteinvik, 30. april 2024

George H. Fulford Camilla Lovise Storøy
styreleiar nestleiar

Margareth Leinebø Anne Holstad

Mathias B. Gjerde Kjartan Leidulf Grimstad

Bjarte Uglum Andrea Øien Sæverud
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen handskriven signatur.

Vedlegg 1: Måloppnåing vedr. avfallsmengder 2023 på hushaldning

EU (og dermed også Noreg) sine mål for materialgjenvinning (eller høgare i hierarkiet):

2020: 50%	2025: 55%	2030: 60%	2035: 65%
-----------	-----------	-----------	-----------

SSR sine tal for 2023:

Nedstraumsløysing:	2023 i tonn:	2023 i prosent:	2022 i tonn:	2022 i prosent:
Ombruk / gjenbruk	217 tonn	2,6 %	267 tonn	3,1 %
Materialgjenvinning	4993 tonn	60 %	4667 tonn	54,7 %
Energigjenvinning	2885 tonn	34,6 %	3403 tonn	39,9 %
Deponi	231 tonn	2,8 %	192 tonn	2,3 %
Hushaldningsavfall totalt	8326 tonn	100 %	8529 tonn	100 %
Materialgjenvinning eller høgare i hierarkiet:	5210 tonn	62,6 %	4934 tonn	57,8 %

Ombruk/gjenbruk: T.d. at klede, sko, ski, sykklar, møblar, etc. blir brukt oppatt i staden for å bli kasta.

Materialgjenvinning: Plast blir til plast, metall blir til nye metallprodukt, etc.


Energigjenvinning: Avfall blir brent for å produsere fjernvarme og elektrisitet.

Deponi: Avfall som går til deponering, t.d. asbest.

Vedlegg 2: Kundetilfredsheit og utvikling i sjukefråveret

Kundetilfredsheit:

Måla er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.



Sjukefråver:

Utviklinga i sjukefråveret har vore slik siste åra:

År:	Totalt sjukefråver:	Korttidsfråver:	Langtidsfråver:
2019	7,21 %	2,38 %	4,83 %
2020	4,81 %	2,32 %	2,49 %
2021	9,10 %	0,60 %	8,50 %
2022	11,50 %	2,51 %	8,99 %
2023	11,4%	1,8%	9,5%

VEDLEGG

Vedlegg 3: Klimarekneskap

Klimarekneskapet er rekna ut etter i ein modell frå rådgivingsselskapet Mepex. Kontordrifta i SSR forureinar ikkje det ytre miljøet. Selskapet si øvrige verksemd forureinar i avgrensa grad det ytre miljøet. Som ansvarleg for å levere renovasjonstenester til over 11 000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet.

Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløyningar der miljøomsyn er tillagt stor vekt. Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Ved å jobbe for å oppnå miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er teke hand om.



Hushald:

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)	
	2022	2023	2022	2023
Utslepp frå transport	600	593	24	23
Utslepp frå forbrenning	2838	2306	112	90
CO ₂ -red. frå forbrenning	-2198	-1855	-87	-72
CO ₂ -red. frå gjenvinning	-5420	-5594	-215	-218
Total CO₂-reduksjon	-4180	-4550	-166	-177

Tabell 1: Totalt utslepp og innsparing i SSR 2023, hushald.

Totalt utslepp og innsparing i SSR 2023, hushaldning (samla mengd inkludert næring i parentes):

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til totalt 593 tonn CO₂-ekvivalentar (675).

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall, 2306 tonn CO₂-ekvivalentar (4378).

Den største reduksjonen i utslepp kjem ved at energi frå avfallsforbrenning/energigjenvinning erstattar andre energikjelder, 1855 CO₂-ekvivalentar (3405). Deretter gir materialgjenvinning og ombruk ein reduksjon i CO₂ ved at ein erstattar ny utvinning og bruk av naturressursar, tilsvarande 5594 CO₂-ekvivalentar (10253).

For utsorterte fraksjonar (gjenvinning) er gevinsten gjennomsnittleg på 1,291 tonn CO₂ per tonn avfall (1,533).

For restavfallet og grovavfallet (forbrenning/energigjenvinning) er det eit netto utslepp på 0,196 tonn CO₂ per tonn avfall (0,174).

Totalt for selskapet, inkl. næring:

	Totalt klimautslepp (tonn CO ₂)		Per innbyggjar (kg CO ₂ / innb.)	
	2022	2023	2022	2023
Utslepp frå transport	687	675	27	26
Utslepp frå forbrenning	5081	4378	201	171
CO ₂ -red. frå forbrenning	-3776	-3405	-150	-133
CO ₂ -red. frå gjenvinning	-10262	-10253	-407	-400
Total CO₂-reduksjon	-8270	-8605	-329	-336

Tabell 2: Totalt utslepp og innsparing i SSR 2023.


Tala inkluderer både hushald og næring.

- Innbyggjartalet for dei fire eigarkommunane var på 25 589 innbyggjarar ved utgongen av 2023 (tal frå SSB).

- Modellen for utrekning av klimarekneskapet tek ikkje omsyn til avfallstypene:
 - betong (183 tonn)
 - gips (27 tonn)
 - ombruk (25 tonn)
 - heimekompostering (71 tonn)

I parentes står tonn-mengda desse fraksjonane utgjorde for hushaldskundar i 2023.

Gjenvinning **bra**,
Gjenbruk **betre**,
Mindre avfall **best!**





Saman tek vi vare på ressursane